

# FAKTA 2014

NORSK PETROLEUMSVERKSEMD



Omslag: Det første oljefeltet i Nordsjøen, Ekofiskfeltet, kom i produksjon alt i 1971. Etter den tid er feltet utvikla i fleire omganger. Gamle innretningar er fjerna og nye er installert for å gjere Ekofisk rusta til nye 30–40 år med produksjon. Dette biletet viser feltet slik det framstår i dag, etter at tre nye innretningar blei plasserte der sommaren 2013

(Foto: Kjetil Alsvik/ConocoPhillips)



## Nye native apper for Android og Windows Phone er nå tilgjengelig

- Alle felt
- Alle brønner
- All produksjon
- Alle operatører
- Alle lisenshavere
- Nyheter, kart og mer



**www.oilfacts.no**



# FAKTA 2014

NORSK PETROLEUMSVERKSEMD

Redaktør:

Yngvild Tormodsgard, Olje- og energidepartementet

Design: Artdirector/Klas Jønsson

Papir: Omslag: Galerie art silk 250 g, materie: Arctic silk 115 g

Grafisk produksjon: 07 MEDIA

Trykk: 07 MEDIA

Opplag: 13 500 nynorsk og 12 000 engelsk

Publikasjonskode: Y-0103/15 N

Forside: Ekofiskfeltet i Nordsjøen

(Foto : Kjetil Alsvik/ConocoPhillips)

ISSN 1504-3398





# Tord Lien

## Olje- og energiminister

*Tord Lien*

Olje- og energiminister

2013 gjekk inn i rekka av gode år i den norske petroleumsverksemda. Aktivitetsnivået er høgt. Det blir leitt, det blir funne, det blir utbygjt og produsert. Norsk olje og gass finn vegn til betalingsvillige kundar over heile verda. I tiår har norsk petroleumsverksemde vore Noregs største næring og bidratt med massiv verdiskaping, vesentleg sysselsetting og ringverknader i lokale miljø.

Med andre ord har vi mykje å vere stolte av. Eit effektivt og godt fundert rammeverk stimulerer selskapa på sokkelen til å fatte dei avgjerdene som skaper størst verdi for fellesskapet. Leverandør-industrien vår er konkurransedyktig, kunnskapstung og blant dei beste i verda på sine felt. Vi har ein miljøeffektiv petroleumsproduksjon og eit rykte som ein stabil og sikker leverandør av olje og gass til marknadene.

Røyndomen i dag gir likevel ikkje rom for kvileskjer. For at størst mulege verdiar skal skapast frå olje- og gassressursane våre, må vi stadig bli betre. Vi må ta framtidas utfordringar på alvor. Dette skal vi gjere med klare speleregler og stadig tilgang på nye lovande areal. Føreseielege rammevilkår, også på skatte- og avgiftssida, bidrar til god ressursforvaltning og legg til rette både for auka utvinning frå eksisterande felt og for utbygging av mindre funn.

Kostnadsnivået på norsk sokkel har vakse det siste året. Trass i nye område og spennande funn er store delar av norsk sokkel i ferd med å modnast. Dette set lønnsemda i prosjekter og for selskap under press. Næringsa må ta grep for å halde kontroll på kostnadene. Å lykkast med dette er avgjerande for leve opp til resultata frå 2013.


Målet med petroleumspolitikken er å få størst mulege verdiar ut av ressursane på norsk sokkel; til det beste for fellesskapet. For å oppnå dette må alle involverte aktørar gi det beste av seg sjølv. Innanfor klare rammevilkår frå styresmaktene skal vi saman arbeide smartare, meir effektivt og velorganisert. Vi må sørge for kunnskapsutvikling, innovasjon og ny teknologi. Då, og bare då, står vi rusta for framtida.



# INNHOLD

<b>Forord.....</b>	<b>5</b>	Utslepp fra petroleumsverksemda.....	47
<b>1. Noregs største næring.....</b>	<b>9</b>	Utslepp av klimagassar.....	48
Norsk petroleumshistorie.....	10	Andre utslepp til luft.....	49
Petroleumsverksemda i dag.....	12	Driftsutslipp til sjø.....	50
Verknaden for Noregs økonomi.....	12	Akutte utslepp.....	51
Selskapa på sokkelen.....	13		
Produksjon.....	13		
Kostnader.....	14		
<b>2. Den norske kontinentalsokkelen.....</b>	<b>15</b>		
Område på norsk sokkel.....	16	<b>5. Leverandørindustrien .....</b>	<b>53</b>
Den sørlege delen av Nordsjøen.....	17	Utvikling og sysselsetjing.....	54
Den midtre delen av Nordsjøen.....	18	Omsetning.....	54
Den nordlige delen av Nordsjøen .....	19	Leveranser i heile verdikjeda .....	55
Norskehavet.....	21	Internasjonal suksess.....	56
Barentshavet.....	21		
Petroleumsressursane.....	22		
Reservar.....	23	<b>6. Framtida for petroleumsverksemda.....</b>	<b>57</b>
Avhengige ressursar.....	23	Forsking i olje- og gassverksemda.....	58
Uoppdagda ressursar .....	23	PETROMAKS 2.....	58
Nordsjøen.....	23	DEMO 2000.....	58
Norskehavet.....	23	PETROSENTER – Forskingsenter for petroleum.....	59
Barentshavet.....	24	Andre forskingsprogram.....	59
<b>3. Rammeverk og organisering .....</b>	<b>27</b>	Ei næring for framtida.....	59
Juridisk rammeverk.....	28		
Statleg organisering.....	29		
Statens inntekter frå petroleumsverksemda.....	30		
<b>4. Den norske petroleumsindustrien – frå brønn til kunde.....</b>	<b>33</b>	<b>Vedlegg.....</b>	<b>61</b>
Leiteverksemda.....	34	Vedlegg 1: Historisk statistikk.....	62
Leitepolitikk i modne og umodne område.....	34	Vedlegg 2: Petroleumsressursane .....	65
Utbygging og drift.....	38	Vedlegg 3: Rørleidningar og landanlegg.....	74
Effektiv produksjon av petroleumsressursane.....	38	Vedlegg 4: Omrekningsfaktorar.....	77
Auka utvinning i modne område.....	39		
Auka ressursuttak.....	39		
Effektiv drift.....	40		
Nye funn – effektiv utnytting av infrastruktur.....	40		
Opprydding etter at produksjonen er avslutta.....	42		
Energimarknaden.....	42		
Utviklinga i pris.....	43		
Olje.....	43		
Naturgass.....	44		
Gasseksport frå norsk sokkel.....	45		
Organisering av gasstransportsystemet.....	47		
Regulert tilgang til transportsystemet.....	47		





NOREGS STØRSTE NÆRING

1

Frå Troll A-plattforma som står på havbotnen 303 meter under havoverflata. Naturgassen frå Troll A blir send til Kollsnes i Hordaland for prosessering  
(Foto: Harald Pettersen, Statoil)

Petroleumsverksemda har vore sentral for framveksten av dagens velferdssamfunn. At næringa skulle få så stor påverknad på norsk økonomi var det få som trudde då dei første utvinningsløyva blei delt ut midt på 1960-talet. 50 år seinare er det framleis høg aktivitet på norsk sokkel, og i dag er næringa den største og viktigaste i landet målt i verdiskaping, statlege inntekter og eksport. I dette kapitelet kan du lese meir om den eventyrlige norske petroleums-historia og om kva som skjer på norsk sokkel i dag.

## Norsk petroleumshistorie

**Det er om lag 50 år sidan det blei starta opp petroleumsverksemda på norsk sokkel og fleire av dei tidlege felta er framleis i produksjon. Eventyret starta i Nordsjøen og har gradvis flytt seg nordover etter kvart som kunnskapen har auka.**

Ved utgangen av 1950-åra var det svært få som trudde at norsk kontinentsokkel skjulte olje- og gassrikdommar. Men gassfunnet i Groningen i Nederland i 1959 førte til ny optimisme om petroleums-potensialet i Nordsjøen.

I oktober 1962 sende Philips Petroleum eit brev til styremaktena i Noreg og bad om løyve til å leite i Nordsjøen. Selskapet ville ha utvinningsløyve for dei delane av Nordsjøen som låg på norsk kontinentsokkel. Tilboden var på 160 000 dollar per månad, og blei sett som eit forsøk på å få eksklusive rettar. Norske styremakter ville ikkje overlate heile sokkelen til eitt selskap. Dersom områda skulle bli opna for leiting, måtte fleire selskap inn.

I mai 1963 proklamerte regjeringa suverenitet over den norske kontinentsokkelen. Ei ny lov slo fast at staten var grunneigar, og at berre Kongen (regjeringa) kunne gi løyve til leiting og utvinning. Sjølv om Noreg hadde proklamert suverenitet over store havområde, stod det att nokre viktige avklaringar om avgrensing av kontinentsokkelen, først og fremst mot Danmark og Storbritannia. I mars 1965 blei det gjort avtalar om avgrensing av kontinentalsokkelen.

sokkelen på basis av midtlinjeprinsippet. Den første konsesjonsrunden blei kunngjord 13. april 1965. Det blei tildelt 22 utvinningsløyve for 78 blokker. Den første leitebrønnen blei bora sommaren 1966, men viste seg å vere tørr.

Med funnet av Ekofisk i 1969 begynte det norske oljeeventyret for alvor. Produksjonen frå feltet tok til 15. juni 1971, og i åra etter blei det gjort fleire store funn. I 1970-åra var leiteverksemda konsentrert om Nordsjøen. I 1979 blei det opna for petroleumsverksemde også nord for 62. breddegrad. Gradvis blei det sett i gang leiteverksemde. I kvar konsesjonrunde blei det berre kunngjort eit avgrensa tal blokker, og dei områda som såg mest lovande ut blei undersøkte først. Det førte til funn i verdsklasse, og produksjonen frå den norske kontinentsokkelen har vore dominert av desse store felta. Dei fekk namn som Ekofisk, Statfjord, Oseberg, Gullfaks og Troll. Desse felta har vore, og er framleis, svært viktige for utviklinga av petroleumsverksemda i Noreg. Desse utbyggingane har ført til at det er etablert infrastruktur som fleire felt har konna knyte seg til. No minkar produksjonen frå fleire av desse felta, samtidig som fleire nye, mindre felt har kome til. Difor er produksjonen i dag fordelt på fleire felt enn før.

I starten valde styresmaktene ein modell der utanlandske selskap i all hovudsak dreiv petroleumsverksemda. Dei dominerte leiteverksemda og stod for utbygging av dei første olje- og gassfeltene. Etter kvart auka det norske engasjementet ved at Norsk Hydro kom med, Saga Petroleum, eit privat norsk selskap, blei oppretta i 1972 og Statoil blei oppretta med staten som eineigar same år. Då blei det også etablert eit prinsipp om 50 prosent statleg deltaking i kvart utvinningsløyve. I 1993 endra ein dette prinsippet til å vurdere i kvart tilfelle om staten skal delta, og om eigardelen skal setjast lågare eller høgare. I 1999 kjøpte Norsk Hydro opp Saga Petroleum. I 2001 blei Statoil delprivatisert. Dette førte til etableringa av Petoro. Petoro tok då over ansvaret Statoil hadde hatt for Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE), som staten hadde opprettet i 1985. I 2007 fusjonerte Statoil med olje- og gassverksemda til Norsk Hydro. I dag er om lag 50 norske og utanlandske selskap aktive på sokkelen.



**Figur 1.1** Historisk tidslinje. Funnår i parentes

## Faktaboks 1.1 Kva er petroleum?

Olje og gass er organisk materiale, brote ned, omdanna og avsett i havområde over mange millionar år. Mesteparten av olje- og gassførekomstane på norsk kontinentsokkel har opphav i eit tjukt lag av svart leire som i dag ligg fleire tusen meter under havbotnen. Den svarte leira er ein kjeldebergart, det vil seie ei avsetning som innehold ei vesentleg mengd organiske restar. Leira blei avsett for rundt 150 millionar år sidan på botnen av eit hav som dekte mykje av det som i dag er Nordvest-Europa. Dette havet var spesielt, i og med at havbotnen var død og stagnante, samtidig som det vrimla av liv i dei øvste vassmengdene. Store mengder mikroskopisk planteplankton hopa seg opp i dei oksygenfrie botnsedimenta, for etter kvart å bli gravlagde djupare. Etter langvarig kjemisk endring gjennom bakteriell nedbryting og seinare varmepåverknad danna det seg flytande hydrokarbon og gass i kjeldebergarten.


Ved oksygenfri nedbryting av organisk materiale blir det danna mellom anna kerogen, som gir opphav til olje og gass ved høgare temperatur og trykk. På norsk kontinentsokkel aukar temperaturen med 25 grader per kilometer djup. Etter meir enn hundre millionar år med erosjon og avleiring kan det ligge eit fleire kilometer tjukt lag av leire og sand over kjeldebergarten. Når temperaturen på kerogenet når 60–120 grader, blir det danna olje, og over denne temperaturen hovudsakleg gass.

Etter kvart som det blir danna olje og gass, siv dette ut av kjeldebergarten og følger minste motstands veg, styrt av trykk og

permeabilitet i bergartane. Fordi hydrokarbonar er lettare enn vatn, vil olja og gassen bevege seg oppover i ein porøs bergart som inneheld vatn. Denne vandringsa (migrasjonen) skjer gjennom mange tusen år og kan strekke seg over fleire mil, heilt til ho blir stoppa av tette lag. Reservoarbergartar er porøse og alltid metta med ulike blandingsforhold av vatn, olje og gass. Mesteparten av petroleumsressursane våre er fanga i reservoarbergartar som er avsette i store delta laga av elvar som rann ut i havet i juratida. Hovudreservoaret på mellom anna Gullfaks-, Oseberg- og Statfjordfeltet er i det store Brent-deltaet frå juratida. Store reservar finst også i sand som blei avsett på elvesletter i triastida (Snorrefeltet), i grunt hav i sein juratid (Trollfeltet) og som undersjøiske vifter i paleogentida (Balderfeltet). Sør i Nordsjøen er det tjuke lag av skrivekrit, som innehold mikroskopiske kalkalgar, ein viktig reservoarbergart.

Leirstein og leiraktig sandstein dannar tette avsetningar som påverkar migrasjonsvegane frå kjeldebergarten til reservoaret. Dei er også heilt avgjerande for å halde petroleum på plass i reservoaret over lang tid. Tette avsetningar som ligg som eit lokk over reservoarbergartar, kallar vi takbergartar. I tillegg må reservoarbergarten ha ei form som gjer at olja samlar seg: ei felle. Når eit område innehold både kjeldebergart, reservoarbergart, takbergart og felle, er altså føresetnadene der for å kunne finne olje- og gassførekomstar.

## Den geologiske tidsskalaen



## Petroleumsverksemda i dag





Petroleumsverksemda er Noregs største næring målt i verdiskaping, statlege inntekter og eksportverdi. Sidan produksjonen på norsk sokkel starta tidleg på 70-talet har næringa bidrøge med om lag 11 000 milliardar kroner til Noregs nasjonalprodukt, målt i 2013-kroner. Næringa har såleis hatt svært mykje å seie for norsk økonomi og for finansieringa av det norske velferdssamfunnet. Skatteinntektene til staten blir i dag overførde til Statens Pensjonsfond – Utland, som ved årsskiftet utgjorde over 5000 milliardar kroner. Samstundes er bare 44 prosent henta opp frå bakken av det ein reknar med er dei samla utvinnelege ressursane på den norske kontinentalsokkelen.

## Verknaden for Noregs økonomi


Sentralt for Noregs petroleumsforvaltning er det at leiting, utbygging og drift skal skape størst mogleg verdiar for samfunnet og at inntektene skal komme staten og dermed heile samfunnet til gode. At petroleumsressursane er særskilt verdifulle og opphav til meirverdi er hovudårsaka til at staten tar ein stor del av verdiskapinga gjennom skattar, avgifter og Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE).

Skatteinntektene i 2012 var på om lag 232 milliardar. Staten har også store inntekter frå direkte eigarskap i felt gjennom ordninga med SDØE. Statens samla netto kontantstraum frå petroleumsverksemda var i 2012 på 401 milliardar kroner, målt i 2013-kroner. Dei totale inntektene frå sektoren utgjorde om lag 29 prosent av statens samla inntekter.

Statens inntekter frå petroleumsverksemda blir overført til eit eige fond, Statens pensjonsfond – Utland (SPU). Den forventa avkastninga på fondet kan brukast over statsbudsjettet. Ved utgangen av 2013 var verdien av fondet på 5038 milliardar kroner. Det svarar til om lag ein million kroner per nordmann.




Figur 1.2 Makroøkonomiske indikatorar for petroleumssektoren 2013 (Kjelde: Statistisk sentralbyrå/Finansdepartementet)




Figur 1.3 Netto kontantstraum for staten frå petroleumsverksemda (Kjelde: Statsrekneskapen)

Skattar	232,1
Miljøavgifter, arealavgift og anna	4,1
SDØE	151,1
Utbytte frå Statoil	14,1
<b>Totalt</b>	<b>401,4</b>

Figur 1.4 Netto kontantstraum for staten frå petroleumsverksemda 2012 (mrd. 2013-NOK) (Kjelde: Statsrekneskapen)



**Figur 1.5** Storleiken på Statens pensjonsfond - Utland og som del av BNP (Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank)



**Figur 1.6** Historisk produksjon av olje og gass, og prognose for produksjonen dei neste åra (Kjelde: Oljedirektoratet)

I tillegg til direkte inntekter til staten gir verksemda ringverknader lokalt og regionalt, frå sør til nord. Verksemda i Noreg har sitt utspring i Rogaland, men har utvikla seg i takt med at aktiviteten til havs har bevega seg nordover. Sterke kunnskapsmiljø innan petroleumsverksem og leverandørtenester som er internasjonalt konkurransedyktige er i dag etablerte mange stader i landet.

Næringsa sysselsett ein betydeleg del av Noregs befolkning. Det er i dag om lag 150 000 sysselsette i oljeselskap og i selskap med leveransar til oljeindustrien. Om ein tar omsyn til etterspurnadsverknaden petroleumsverksemda har på totaløkonomien er talet på syselsette om lag 250 000.

Kontinuerleg satsing på forsking og utvikling har bidrige til at Noreg utvinn ein stor del av dei påviste ressursane samanlikna med andre oljeprovinsar. Aktiviteten på norsk kontinentalsokkel er underlagt strenge krav til helse, miljø, tryggleik og ytre miljø. Godt samspel mellom stat, selskap, leverandørindustrien, interesseorganisasjonar og forskingssektoren er en viktig føresetnad for å nå gode resultat også på desse områda. Samstundes må det visast omsyn for andre næringer.

## Selskapa på sokkelen

Det er eit stort mangfold av selskap som driv petroleumsverksem på norsk sokkel. Frå å vere ein sokkel for dei store internasjonale oljeselskap, er det i dag i overkant av 50 selskap som driv med

leitung, produksjon og infrastruktur. Eit stort mangfold av ulike selskap, både små og store, skaper konkurranse som fremjar effektivitet. Samtidig sikrar dette interesse for eit mangfold av prosjekt, og ulik teknologi og leitemodellar blir tatt i bruk. Målt etter storleiken på produksjonen til selskapa i 2013, er Statoil det største selskapet på norsk sokkel, etterfulgt av internasjonale selskap som Exxon-Mobil, Total, Shell, ConocoPhillips og ENI.

## Produksjon

I 2012 blei Noreg den tredje største gasseksportøren og den tiande største oljeeksportøren i verda. Eksportverdien av rørtenester og eksport av råolje og gass til alle selskapa utgjorde i 2013 om lag 564 milliardar kroner, noe som svarar til om lag 49 prosent av Noregs eksportverdi.

I 2012 blei Noreg rangert som den 15. største oljeprodusenten og den sjette største gassprodusenten i verda. I 2013 blei det produsert 213,7 millionar Sm³ o.e. seljelig petroleum. Halvparten av dette var gass. Total produksjon er om lag fem prosent mindre enn i 2012 og 20 prosent mindre enn i toppåret 2004. Produksjonen fra norsk sokkel kjem i dag frå totalt 78 felt. I løpet av 2013 er fire nye felt sett i produksjon; Jette, Hyme, Skarv og Skuld. Plan for utbygging og drift (PUD) blei godkjend for fire nye felt i 2013. Tre av desse er i Nordsjøen (Ivar Aasen, Gina Krog og Oseberg Delta 2) og eit felt ligg i Norskehavet (Aasta Hansteen).

## Kostnader

Sjølv mindre petroleumsprosjekt kan samanliknast med dei største industrielle investeringane på fastlandet. Sidan oppstarten av petroleumsverksemda på den norske kontinentalsokkelen er det investert store summar i leiting, utbygging av felt, infrastruktur og landanlegg. Samstundes blir det gjort store investeringar i eksisterande felt slik at utvinningsgraden aukar og levetida til felta blir forlenga. Dette krev nye brønnar, modifisering av innretningar og ny infrastruktur. Investeringane, inkludert leiteverksemd, var i 2013 på om lag 210 milliardar kroner eller om lag 31 prosent av dei samla realinvesteringane i landet. Driftskostnadene var i 2013 om lag 67 milliardar kroner.

Investerings- og driftskostnadene har vakse dei siste åra. Dette er ein internasjonal trend som mellom anna kjem av høg etterspurnad etter knappe innsatsfaktorar i petroleumsverksemda. Samtidig er kostnadene på norsk sokkel delvis høgare enn for andre petroleumsprovinser som kan samanliknast.



**Figur 1.7** Historiske investeringar (investering i leiting er ikkje inkludert) (Kjelde: Oljedirektoratet/Olle- og energidepartementet)

## Faktaboks 1.2 Statens pensjonsfond – Utland

Statens pensjonsfond – Utland (SPU) blei etablert i 1990 for å sikre at det blir tatt langsigktige omsyn i bruken av petroleumsinntektene til staten. Gjennom eit investeringsfond med svært lang tidshorisont, skal petroleumsformuen komme både nolenvande og framtidige generasjonar til gode. Første overføring til fondet var i 1996. Statens samla netto kontantstraum frå petroleumsverksemda blir årleg overførd til Statens pensjonsfond – Utland. I tillegg får fondet inntekter gjennom avkastning, mellom anna renter og utbytte av investeringane til fondet.

Petroleumsinntektene blir fasa gradvis inn i økonomien ved å dekkje det strukturelle oljekorrigerte underskottet i statsbudsjettet. For å jamne ut svingingar i økonomien, sikre god kapasitetsutnytting og låg arbeidsløyse vil det frå år til år blir brukt anten meir eller mindre enn forventa realavkastning. På lang sikt vil derimot innfasinga skje i takt med utviklinga i den venta realavkastninga av fondet.

Netto kontantstraum frå petroleumsverksemda

– Oljekorrigert underskott i statsbudsjettet

+ Avkastning av investeringane til fondet

= Inntekter til Statens pensjonsfond – Utland

# DEN NORSKE KONTINENTALSOKKELEN

2


Boreriggen Aker Barents leiter etter petroleum i Barentshavet  
(Foto: Harald Pettersen, Statoil)

Norsk sokkel er ein interessant petroleumsprovins. I dei store havområda Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet er det framleis store mengder olje og gass å finne. I dette kapittelet kan du lese meir om olje- og gassfeltet og om ressursene i dei ulike havområda, både dei som er produserte, dei som omfatta av utbyggingar og dei som ennå ikkje er påviste.

## Område på norsk sokkel

Den norske kontinentsokkelen er i alt på 2 039 951 kvadratkilometer. Det er nesten tre ganger så mykje som arealet i Fastlands-Noreg, inklusiv Svalbard og Jan Mayen. Sokkelen er inndelt i havområda Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet. Nordsjøen har eit areal på 142 000 kvadratkilometer, Norskehavet på 287 000 kvadratkilometer og Barentshavet på 772 000 kvadratkilometer. Den sørlege delen av Barentshavet som er opna for petroleumsverksemrd, er 313 000 kvadratkilometer.

Nordsjøen er framleis motoren i norsk petroleumsverksemrd. Her er det i alt 60 felt som produserer olje og gass. Norskehavet har 16 produserande felt og Barentshavet har eitt.




**Figur 2.1** Område på den norske kontinentsokkelen (Kjelde: Oljedirektoratet)

## Den sørlege delen av Nordsjøen

Den sørlege delen av Nordsjøen er framleis ein viktig petroleumsprovinss for Noreg, meir enn 40 år etter at produksjonen starta på Ekofisk. Etter dagens planar skal feltet produsere i 40 år til. Det er 13 felt i produksjon i denne delen av Nordsjøen. Eit felt, Brynhild, er under utbygging. Ekofisk er eit knutepunkt for petroleumsverksemda i området, og mange felt er knytte til infrastrukturen på

Ekofisk for vidare transport i Norpipe-systemet. Det er framleis store ressursar igjen i den sørlege delen av Nordsjøen, særleg i dei store krittfelta. Olje og gass frå felta i den sørlege delen av Nordsjøen blir transportert dels med skip og dels i rørleidningar til landanlegg i Storbritannia og på kontinentet.




**Figur 2.2** Felt og funn i den sørlege delen av Nordsjøen (Kjelde: Oljedirektoratet)

## **Den midtre delen av Nordsjøen**

Den midtre delen av Nordsjøen har ei lang petroleumshistorie. Balder, som blei påvist i 1967, var det første oljefunnet på norsk kontinentalsokkel, men det blei ikkje bygt ut før 30 år seinare. Den første utbygginga i området var gassfeltet Frigg, som produserte i nær 30 år før det blei stengt i 2004. Det er i dag 21 felt i produksjon i den midtre delen av Nordsjøen, etter at Jette kom i produksjon i 2013. Eit felt, Glitne blei stengt i 2013. Seks felt, Bøyla, Edvard Grieg, Gudrun, Gina Krog, Ivar Aasen og Svalin er under utbygging. Fleire funn blir planlagde for utbygging dei neste åra, blant dei det store

oljefunnet 16/2-6 Johan Sverdrup. Rettshavarane planlegg å sende inn Plan for utbygging og drift (PUD) i 2015. Midt på 2020-talet kjem ventelig meir enn 25 prosent av norsk oljeproduksjon frå Johan Sverdrup. Heimdal, som har produsert gass sidan 1985, er eit gassenter som utfører prosesseringstenester for andre felt i Nordsjøen. Sleipner-felta representerer også eit viktig knutepunkt i gasstransportsystemet på norsk kontinentsokkel. Olje og gass frå felta i den midtre delen av Nordsjøen blir transportert dels med skip og dels i rørleidningar til landanlegg i Noreg og Storbritannia.




**Figur 2.3** Felt og funn i den midtre delen av Nordsjøen (Kjelde: Oljedirektoratet)


## Den nordlege delen av Nordsjøen

Den nordlege delen av Nordsjøen omfattar dei to hovudområda Tampen og Oseberg/Troll. I dag er det 26 felt i produksjon i denne delen av Nordsjøen. Fire felt, Martin Linge, Knarr, Valemon og Fram H Nord er under utbygging, og fleire funn blir planlagde for utbygging i framtida. Etter 30 år med produksjon frå området, er ressurspotensialet framleis stort, og det vil venteleg vere produksjon i området i meir enn 30 år til. Trollfeltet har ein svært viktig funksjon

for gassforsyninga frå norsk kontinentsokkel, og vil vere hovudkjelda for norsk gassekspor i dette hundreåret. Troll var også det feltet som produserte mest olje på norsk sokkel i 2013. Når dei største oljefelta avsluttar oljeproduksjonen, kan store gassvolum bli produsert i ein nedblåsings- og lågtrykksperiode. Olje og gass frå felta i den nordlege delen av Nordsjøen blir transportert dels med skip og dels i rørleidningar til landanlegg i Noreg og Storbritannia.



**Figur 2.4** Felt og funn i den nordlege delen av Nordsjøen (Kjelde: Oljedirektoratet)



Figur 2.5 Felt og funn i Norskehavet (Kjelde: Oljedirektoratet)

## Norskehavet


Norskehavet er generelt ein mindre moden petroleumsprovins enn Nordsjøen. Draugen, som var det første feltet i Norskehavet, kom i produksjon i 1993. Etter at Skary, Skuld og Hyme kom i produksjon i 2013, er det 16 felt som produserer i Norskehavet. Eit felt, Yttergryta, blei stengt i 2013. Gassfeltet Aasta Hansteen er under utbygging.

Deter også gassrøret Polarled som vil strekke det norske gasstransport-systemet nord for polarsirkelen for første gang. Norskehavet har store gassreservar. Produsert gass frå felta blir transportert i rørleidningen Åsgard Transport til Kårstø i Rogaland, og i Haltenpipe til Tjeldbergodden i Møre og Romsdal. Gassen frå Ormen Lange går i rørleidning til Nyhamna og vidare til Easington i Storbritannia.

Oljetransporten frå felta i Norskehavet skjer med tankskip.

## Barentshavet

Det meste av Barentshavet blir rekna som ein umoden petroleumsprovins, sjølv om det har vore leiting i godt over 30 år. Det er berre eitt felt som er bygt ut i området, Snøhvit, som kom i produksjon i 2007. Gassen frå Snøhvit går i rør til Melkøya, der han blir prosessert og nedkjølt til LNG, som blir frakta med spesialskip til marknaden. Goliat er under utbygging. Rettshavarane vurderer utbyggingsløysingar for funna 7220/7-1 og 7220/8-1 Johan Castberg.



Figur 2.6 Felt og funn i Barentshavet (Kjelde: Oljedirektoratet)

## Petroleumressursane

Ressursar er eit samleomgrep for utvinnbare petroleumsmengder. Ressursane blir klassifiserte etter kor modne dei er, sjå figur 2.8. Klassifiseringa viser petroleumsmengder som er vedtekte eller godkjende for utbygging (reservar), ressursar som er avhengige av avklaring og vedtak (avhengige ressursar) og estimerte ressursmengder som ennå ikkje er funne (uoppdaga ressursar). Hovudklassane er dermed reservar, avhengige ressursar og uoppdaga ressursar.


Oljedirektoratet sitt basisestimat for oppdaga og uoppdaga petroleumressursar på norsk kontinentalsokkel er om lag 14,2 milliardar standard kubikkmeter oljeekvivalentar (milliardar Sm<sup>3</sup> o.e.). Av dette er i alt 6,2 milliardar Sm<sup>3</sup> o.e., eller 44 prosent av dei totale ressursane, selt og levert. Av dei totale utvinnbare ressursane som er igjen, 8 milliardar Sm<sup>3</sup> o.e., er 5,1 milliardar Sm<sup>3</sup> o.e. oppdaga, medan estimatet for uoppdaga ressursar er 2,9 milliardar Sm<sup>3</sup> o.e.

Samla tilvekst av oppdaga ressursar frå leiteverksemda i 2013 er estimert til 114 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. Det blei gjort 20 nye funn i 45 undersøkingsbrønnar. Mange av funna er ikkje ferdig evaluerte, og estimata er difor svært usikre.

Etter at produksjonen på norsk kontinentalsokkel tok til i 1971, er det produsert petroleum frå i alt 91 felt. I 2013 starta produksjon frå Jette i Nordsjøen og Hyme, Skarv og Skuld i Norskehavet. Av dei felta som var i produksjon ved årsskiftet 2013/2014, ligg 60 i Nordsjøen, 16 i Norskehavet og eit i Barentshavet.

Figur 2.7 viser estimata for utvinnbare ressursar på norsk kontinentalsokkel. Mengdene er delte inn etter Oljedirektoratet sitt system for ressursklassifisering og viser totale ressursar, både væske og gass.

Detaljert ressursrekneskap per 31.12.2013 er framstilt i tabell 4.1.



**Figur 2.7** Petroleumressursar og uvissa i estimata per 31.12.2013 (Kjelde: Oljedirektoratet)

## Reservar

Reservar omfattar utvinnbare petroleumsressursar i førekomstar der styresmaktene har godkjent utbyggingsplanen (PUD) eller gitt PUD-fritak, og ressursar i førekomstar som rettshavarane har vedteke å vinne ut, men som ennå ikkje har PUD godkjent av styresmaktene.

I 2013 var det ein vekst i reservene på norsk sokkel med 102 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. Samtidig blei det produsert, selt og levert 215 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. Ressursrekneskapen viser derfor ein reduksjon på 113 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. i attverande reservar. Det svarar til ein nedgang på om lag tre prosent samanlikna med året før.

For oljereservane blei berre 29 millionar Sm<sup>3</sup> olje bokførte som nye reservar i 2013. I perioden frå 2005 til 2013 har den samla reservetilveksten vore totalt 636 millionar Sm<sup>3</sup> olje. Det inneber at det kan bli vanskeleg å oppnå målet til styresmaktene om å modne fram 800 millionar Sm<sup>3</sup> olje til reservar før 2015.

## Avhengige ressursar

Avhengige ressursar omfattar påviste petroleumsmengder som det ennå ikkje er vedteke å produsere. Mengda avhengige ressursar i felt er om lag uendra frå 2012, medan ressursane i funn har auka med 76 millionar Sm<sup>3</sup> o.e., til 1056 millionar Sm<sup>3</sup> o.e i 2013. Auken kan mellom anna forklarast med at ressursanslaget for funnet 16/2-6 Johan Sverdrup auka med 59 millionar Sm<sup>3</sup> o.e i 2013. I tillegg kjem ressurstilveksten frå nye funn i 2013.

## Uoppdaga ressursar

Uoppdaga ressursar omfattar petroleumsmengder som truleg finst, men som enno ikkje er påviste ved boring (ressurskategoriane 8 og 9).

Volumet av dei uoppdaga ressursane er anslått til 2940 millionar Sm<sup>3</sup> o.e., ein auke på 350 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. samanlikna med rekneskapen for 2012. Dette inkluderer volum frå det nye område i Barentshavet søraust på 300 millionar Sm<sup>3</sup> o.e, og frå sokkelen rundt Jan Mayen med 90 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. I tillegg er anslaget for uoppdaga ressursar i Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet oppdatert. Resultatet av dette arbeidet er at desse ressursane blei redusert med 40 millionar Sm<sup>3</sup> o.e.

## Nordsjøen

Endringa i rekneskapen viser at det er selt og levert 143 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. frå Nordsjøen det siste året, medan tilveksten av bruttoressavar var 51 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. Derfor er attverande reservar i Nordsjøen redusert med 92 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. Det er reservetilveksten frå felt i drift som gir det største bidraget til auken i bruttoressavar. Tilveksten kjem mellom anna frå boring av fleire brønnar, brønnar som produserer betre enn forventa og auka levetid for fleire felt. Avhengige ressursar i felt har auka med 16 millionar Sm<sup>3</sup> o.e., mellom anna på grunn av nye utbyggingsplaner på Gullfaks og Gullfaks sør. Det er totalt gjort sju nye funn i Nordsjøen i 2013.

Avhengige ressursar i funn har auka med 40 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. Den viktigaste årsaken er at ressurs- estimatet for 16/2-6 Johan Sverdrup har auka sidan sist år. Funna 1/5-2 Flyndre, 15/3-9 Gudrun Øst, 34/8-13 A Titan fase 1 og 34/8-15 S Rhea er beslutta å bygge ut og er med dette endra til reserver. Uoppdaga ressursar i Nordsjøen er redusert med 35 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. samanlikna med rekneskapen for året før. Det er nedgang i oljeresursane men auke i gassressursane.


## Norskehavet

Bruttoresservane i Norskehavet er reduserte med 5 millionar Sm<sup>3</sup> o.e., mellom anna på grunn av endra brønnplanar på Njord. Det er selt og levert 67 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. frå Norskehavet i 2013. Dei attverande reserver i Norskehavet er derfor totalt reduserte med 72 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. Avhengige ressursar i felt har auka med 24 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. på grunn av prosjektmodning og -utvikling. Det blei gjort åtte nye funn i Norskehavet i 2013. Estimata for avhengige ressursar i funn har med dette auka med 26 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. i høve til rekneskapen i fjar. Uoppdagede ressursar i Norskehavet er redusert med 20 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. samanlikna med rekneskapen for året før. Gassressursane har auka, medan oljeresursane er reduserte. Når ressursanslaget for Jan Mayen på 90 millionar Sm<sup>3</sup> o.e blir inkludert, aukar dei uoppdaga ressursane i Norskehavet med 70 millionar Sm<sup>3</sup> o.e.

## Barentshavet

Attverande reservar i Barentshavet auka med netto 52 millionar Sm<sup>3</sup> o.e i 2013. Det blei selt og levert 5 millionar Sm<sup>3</sup> o.e., medan auken i brutto reservar var 57 millionar Sm<sup>3</sup> o.e., som resultat av at prosjekta Snøhvit offshore kompresjon og Snøhvit CO<sub>2</sub>-injeksjon blei modna til reservar. Avhengige ressursar i felt er mellom anna av samme årsak, reduserte med 47 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. Det er gjort fem nye funn i Barentshavet i 2013 med til saman 57 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. Likevel har avhengige ressursar i funn berre auka med 9 millionar Sm<sup>3</sup> o.e. Årsaka til dette er mellom anna at det ikkje lenger er vurdert som sannsynleg å utvinne ressursane i 7225/3-1 Norvarg. Estimata for dei uoppdagede ressursane har auka både for olje og gass. Inkludert ressursanslaget for Barentshavet sørøst, er auken på 315 millionar Sm<sup>3</sup> o.e.

## Oljedirektoratet si ressursklassifisering



**Figur 2.8** Oljedirektoratet si ressursklassifisering (Kjelde: Oljedirektoratet)

**Tabell 2.1** Ressursrekneskapen per 31.12.2013

	Ressursrekneskap per 31.12.2013					Endring frå 2012				
	Olje mill Sm <sup>3</sup>	Gass mrd Sm <sup>3</sup>	NGL mill tonn	Kond mill Sm <sup>3</sup>	Total mill Sm <sup>3</sup> o.e.	Olje mill Sm <sup>3</sup>	Gass mrd Sm <sup>3</sup>	NGL mill tonn	Kond mill Sm <sup>3</sup>	Total mill Sm <sup>3</sup> o.e.
<b>Totalt utvinnbart potensial</b>										
Prosjektstatuskategori										
Seld og levert	3897	1874	160	108	6183	84	108	9	4	214
Attverande reservar*	834	2049	129	40	3167	-55	-41	-10	3	-112
Avhengige ressursar i felt	337	185	22	3	567	5	-18	5	-3	-7
Avhengige ressursar i funn	679	330	14	20	1056	90	-14	0	0	76
Moglege framtidige tiltak for auka utvinning**	155	90			245	25	40	0	0	65
Uoppdaga ressursar	1330	1490		120	2940	35	300	0	15	350
<b>Sum totalt</b>	<b>7232</b>	<b>6018</b>	<b>325</b>	<b>290</b>	<b>14158</b>	<b>185</b>	<b>375</b>	<b>4</b>	<b>19</b>	<b>586</b>
<b>Nordsjøen</b>										
Seld og levert	3364	1516	118	73	5178	66	64	5	2	142
Attverande reservar*	676	1366	83	6	2205	-36	-50	-2	-2	-91
Avhengige ressursar i felt	296	113	12	0	433	4	8	2	0	16
Avhengige ressursar i funn	508	138	9	13	676	52	-7	-2	-1	40
Uoppdaga ressursar	540	250		25	815	-55	15	0	5	-35
<b>Sum</b>	<b>5384</b>	<b>3383</b>	<b>222</b>	<b>117</b>	<b>9306</b>	<b>31</b>	<b>31</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>72</b>
<b>Norskehavet</b>										
Seld og levert	533	334	41	31	975	18	40	4	2	67
Attverande reservar*	128	475	39	9	686	-19	-36	-9	-1	-72
Avhengige ressursar i felt	41	60	9	1	119	1	17	3	0	24
Avhengige ressursar i funn	53	141	5	6	209	7	14	2	3	26
Uoppdaga ressursar	340	475		35	850	40	30	0	0	70
<b>Sum</b>	<b>1095</b>	<b>1484</b>	<b>94</b>	<b>81</b>	<b>2839</b>	<b>48</b>	<b>65</b>	<b>-1</b>	<b>4</b>	<b>115</b>
<b>Barentshavet</b>										
Seld og levert	0	24	1	4	31	0	4	0	1	5
Attverande reservar*	30	208	6	25	276	0	44	1	6	51
Avhengige ressursar i felt	0	12	1	2	15	0	-43	-1	-3	-47
Avhengige ressursar i funn	118	51	1	1	171	31	-21	0	-1	9
Uoppdaga ressursar	450	765		60	1275	50	255	0	10	315
<b>Sum</b>	<b>598</b>	<b>1061</b>	<b>9</b>	<b>92</b>	<b>1768</b>	<b>82</b>	<b>240</b>	<b>0</b>	<b>12</b>	<b>334</b>


\* Inkluderer ressurskategoriane 1, 2 og 3

\*\* Ressursar frå framtidige tiltak for auka utvinning er berre rekna ut for totalt utvinnbart potensial, og ein har ikkje fordelt det moglege potensialet for kvart område



# RAMMEVERK OG ORGANISERING

3



Det norske regelverket krev at oljeselskapa leverer Oljedirektoratet kjerneprøver, eller steinprøver, frå alle leitebrønnane på norsk sokkel. Direktoratet har ca 140 kilometer kjerneprøver i lageret sitt. Desse blir mellom anna nytta av industrien til å skaffe kunnskap om undergrunnen.  
(Foto: Oljedirektoratet)

For at oljeselskapa skal kunne gjere gode vedtak, er det ein føresetnad at rammeverket er føreseileg og transparent. Organiseringa av verksemda skal saman med rolle- og ansvarsdelinga verne viktige samfunnsomsyn og sikre at verdiskapinga kjem fellesskapet til gode. Dette omfattar mellom anna omsynet til det ytre miljøet, helse, arbeidsmiljø og tryggleik. Alle tener på eit rammeverk som gir petroleumsindustrien tildriv til å oppfylle statens målsetjingar, samtidig som selskapa maksimerer si eiga avkasting.

## Juridisk rammeverk

**Petroleumsløve (lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet) inneholder den overordna heimelen for konsesjonsystemet som regulerer norsk petroleumsverksemd.**

Etter lova og forskrifa til lova (forskrift 27. juni 1997 nr. 653) kan det tildelast løyve for undersøking etter, utvinning av og transport av petroleum. Petroleumsløve slår fast at det er staten som har eigendomsretten til undersjøiske petroleumsførekomstar på den norske kontinentsokkelen. Offentlege godkjenningar og løyve er også nødvendig i alle fasar av petroleumsverksemda, frå tildeling av undersøkings- og utvinningsløyve, i samband med innsamling av seismikk og leiteboring, til planar for utbygging og drift<sup>1</sup>, og planar for avslutning av felt.

Før det blir gitt løyve til undersøking og produksjon, må området der aktiviteten blir planlagt vere opna for petroleumsverksemd. I samband med dette skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing som mellom anna vurderer dei økonomiske og sosiale verknadene og miljøverknadene verksemda kan ha. Konsekvensutgreiing og opning av nye område er regulert i kapittel 3 i petroleumsløve og kapittel 2a i petroleumsforskrifta.

Utvinningsløye blir til vanleg tildelte gjennom konsesjonsrundar. Regjeringsa kunngjer då ei viss mengd blokker som det kan søkjast utvinningsløye for. Utlysing er nærmere regulert i kapittel 3 i petroleumsløve og kapittel 3 i petroleumsforskrifta. Søkjane kan søke som gruppe eller individuelt. Kva søknaden skal innehalde, og framgangsmåten for å søke på utvinningsløye er regulert i kapittel 3 i petroleumsløve og kapittel 3 i petroleumsforskrifta. Oljedirektoratet har utarbeidd ei rettleiing for korleis søknaden bør utformast, og rettleiinga er tilgjengeleg på nettsidene til Oljedirektoratet. På bakgrunn av søknadene som kjem inn, tildeler Olje- og energidepartementet utvinningsløye til ei gruppe selskap. Til grunn for tildelinga ligg saklege, objektive, ikkje-diskriminerande og kunnigjorde kriterium. Departementet peikar ut ein operatør for interesentskapet som skal stå for den operative verksemda som løyet gir

rett til. Rettshavargruppa fungerer også som eit internt kontrollsysteem i utvinningsløyet, der kvar rettshavar har rolla som kontrollør av arbeidet til operatøren.

Utvinningsløyet regulerer rettar og plikter som selskapa har overfor staten. Dokumentet utfyller føresegne i petroleumsløve og viser detaljerte vilkår. Det gir einerett til undersøking, leiteboring og utvinning av petroleum innanfor det geografiske området for løyet. Rettshavarane blir eigarar av petroleumen som blir produsert. Standard utvinningsløye med vedlegg finst på nettsidene til Olje- og energidepartementet. Nærare føresegner om utvinningsløye står i kapittel 3 i petroleumsløve og kapittel 3 i petroleumsforskrifta.

Utvinningsløyet gjeld i første omgang for ein innleiane periode (leiteperiode) som kan vere i inntil ti år. I denne perioden skal det utførast ei fastsett arbeidsplikt i form av mellom anna geologisk og geofysisk førearbeid og/eller leiteboring. Dersom rettshavarane er enige om å gi opp utvinningsløyet, kan det leverast tilbake etter at arbeidsplikta er oppfylt. Ønskjer rettshavarane å gå vidare med arbeidet i utvinningsløyet, går løyet inn i forlengningsperioden, som er perioden for utbygging og drift. Leiteperioden er nærmere regulert i kapittel 3 i petroleumsløve og kapittel 3 i petroleumsforskrifta.

Dersom selskapa finn det kommersielt å byggje ut eit felt, er dei forplikta til forsvarleg utbygging og drift av påviste petroleumsførekomstar. Dermed er selskapa ansvarlege for å arbeide for og gjennomføre nye prosjekt, men det er styresmaktene som gir endeleg godkjenning til å setje i gang. Når ein ny førekost skal byggjast ut, må selskapa leggje fram ein plan for utbygging og drift (PUD) til departementet for godkjenning. Ein viktig del av utbyggingsplanen er ei konsekvensutgreiing som går ut til høyring til instansar som saka vedkjem. Konsekvensutgreiinga viser korleis ein reknar med at utbygginga vil verke på miljøet, fiskeria og samfunnet elles. Behandlinga av denne utgreiinga og av sjølv utbyggingsplanen sikrar ressurmessig forsvarlege prosjekt som har akseptable konsekvensar for andre samfunnsinteresser. Rettshavar kan eventuelt godtgjere utbygginga blir omfatta av ei eksisterande relevant konsekvensutgreiing. Departementet har utarbeidd ein rettleiar for plan for utbygging og drift og plan for anlegg og drift. Hovudføremålet med rettleiaren er at regelverket og styresmaktene sine forventingar til utbyggjarar på norsk sokkel skal kome klart fram. Rettleiaren finst på nettsidene til Oljedirektoratet.

Utbygging og drift er nærmere regulert i kapittel 4 i både petroleumsløve og petroleumsforskrifta.

<sup>1</sup> I kapittel 4 er det gjort greie for utbygging og drift. Gassforvaltninga er omtala i kapittel 4.

Petroleumsløva krev at rettshavarane som hovudregel skal legge fram ein avslutningsplan for departementet to til fem år før løvet går ut eller blir oppgitt, eller bruken av ei innretning endeleg tar slutt. Avslutningsplanen skal ha to hovuddelar: ei konsekvensutgreiing og ein disponeringsdel. Konsekvensutgreiinga gir oversikt over konsekvensar som ein ventar at disponeringa vil ha for mellom anna miljøet. Disponeringsdelen skal mellom anna innehalde framlegg til korleis petroleumsverksemda på eit felt kan avviklast.

Kapittel 5 i petroleumsløva og kapittel 6 i petroleumsforskrifta regulerer disponering eller avvikling av innretningar. I tillegg til petroleumsløva regulerer OSPAR-konvensjonen (Konvensjon om vern av det marine miljøet i det nordaustlege Atlanterhavet) disponeringa av innretningane våre. Ut frå konvensjonen kan berre få innretningar etterlatast.

Erstatningsansvar for forureiningsskade er regulert i kapittel 7 i petroleumsløva. Rettshavarane er ansvarlege for forureiningsskade, utan omsyn til skuld. Det er altså eit objektivt ansvar.

Kapitla 9 og 10 i petroleumsløva, med forskrifter, regulerer tryggleiken i samband med petroleumsverksemda. Det er eit utgangspunkt at verksemda skal gå føre seg slik at et høgt tryggleksnivå kan oppretthaldast og utviklast i alle fasar, i takt med den kontinuerlege teknologiske og organisatoriske utviklinga.

## Statleg organisering

**Stortinget set rammene for petroleumsverksemda i Noreg, mellom anna ved å vedta lover. Store utbyggingssaker og prinsipielle saker skal drøftast der. Stortinget kontrollerer også regjeringa og statsforvaltninga.**

Regjeringa har den utøvande makta over petroleumspolitikken og står til ansvar overfor Stortinget for politikken sin. Til å utøve politikken får regjeringa hjelp frå departementa, underliggjande direktorat og tilsyn. Ansvaret for dei ulike rollene i utøvinga av petroleumspolitikken er fordelt slik:

- Olje- og energidepartementet – ansvar for ressursforvaltninga og sektoren under eitt, og for staten sine eigardelar i Statoil og Petoro AS, som er ivaretakar for Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE)
- Arbeids- og sosialdepartementet – ansvar for arbeidsmiljø og tryggleik
- Finansdepartementet – ansvar for petroleumsskattlegging
- Samferdselsdepartementet – ansvar for oljevernberedskapen
- Klima- og miljødepartementet – ansvar for ivaretaking av det ytre miljøet

Oljedirektoratet er administrativt underlagt Olje- og energidepartementet. Oljedirektoratet har ei sentral rolle innanfor petroleumsforvaltninga, og er eit viktig rådgivande organ for Olje- og energidepartementet. Oljedirektoratet utøver forvaltningsmynde i samband med undersøkingar etter og utvinning av petroleumsførekomstar på den norske kontinentalsokkelen. Dette omfattar også mynde til å fastsetje forskrifter og gjere vedtak etter regelverket for petroleumsverksemda.

Gassco AS er eit statleg selskap som har ansvaret for transport av gass frå den norske kontinentalsokkelen. Selskapet er operatør for Gassled. Gassco har ikkje eigardelar i Gassled, men har tilsyn med operatørskapet på ein nøytral og effektiv måte i forhold til eigarane og brukarane.

Petoro AS er eit statleg selskap som på vegner av staten tar hand om dei forretningsmessige sidene knytt til statens direkte eigarskap i felt (SDØE). Statoil ASA er eit internasjonalt selskap som er til stades i 35 land. Selskapet er børsnotert i Oslo og New York. Staten eig 67 prosent av aksjane i selskapet.

Arbeids- og sosialepartementet har det overordna ansvaret for forvaltninga av arbeidsmiljøet og for tryggleik og beredskap i samband med petroleumsverksemda. Petroleumstilsynet har ansvaret for å føre tilsyn med den tekniske og operasjonelle tryggleiken, medrekna beredskap og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda.

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for skattar og avgifter frå petroleumsverksemda. Oljesattekontoret er ein del av Skatteetaten, som er underlagd Finansdepartementet. Oljesattekontoret skal først og framst sørge for rett fastsetjing og innbetailing av skattar og avgifter som politiske styresmakter vedtar. Toll- og avgiftsdirektoratet sørger for å fastsetje og krevje inn NO<sub>x</sub>-avgifta. Finansdepartementet har også ansvaret for å forvalte Statens pensjonsfond – Utland. Ansvaret for den operative forvaltninga er delevert til Noregs Bank.

Samferdselsdepartementet har ansvaret for beredskap mot akutt forureining i norske farvatn. Kystverket har ansvaret for den statlege oljevernberedskapen.

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for forvaltninga av miljøvernet og det ytre miljøet i Noreg. Miljødirektoratet har mellom anna ansvaret for å følgje opp forureiningsløva.

## Statens inntekter frå petroleumsverksemda

Noreg har eit eige system for å sikre staten inntekter frå petroleumsverksemda. Hovudgrunngivinga for dette systemet er den ekstraordinære avkastninga som er knytt til utvinning av ressursane. Eigarskapen til petroleumsressursane tilhøyrer fellesskapet. Staten sikrar seg ein stor del av verdiane som blir skapte gjennom skattelegging og det direkte eigarskapet SDØE.

Petroleumsskattlegginga byggjer på reglane for ordinær bedriftsskattlegging, men er fastlagd i ei eiga petroleumsskattelov (lov av 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.). På grunn av den ekstraordinære lønnsemda ved utvinning av petroleumsressursane blir det i tillegg lagt ein særskatt på denne næringsverksemda. Den ordinære skattesatsen er 27 prosent. Særskattesatsen er 51 prosent. Når ein reknar ut grunnlaget for ordinær skatt og særskatt blir investeringane avskrivne lineært over seks år, frå det året investeringa blir pådrage. Det er frådrag for alle relevante kostnader, medrekna kostnader til leiting, forsking og utvikling, finansiering, drift og fjerning. Konsolidering mellom felt er det fullt høve til. For å skjerme normalavkastninga frå særskatt er det eit ekstra frådrag i utrekningsgrunnlaget for særskatt, friinntekt. Dette er på 22 prosent av investeringane (5,5 prosent per år i fire år frå og med investeringsåret).

Selskap som ikkje er i skattekonsesjon, kan føre fram underskot og friinntekt med rente. Desse rettane følger deltakarandelane og kan overførast. Selskapa kan også søkje om å få refundert skatteverdien av undersøkingsutgifter i samband med likninga.

Petroleumsskattesystemet skal verke nøytralt, slik at eit investeringsprosjekt som er lønnsamt for ein investor før skatt, også vil vere det etter skatt. Ein slik eigenskap vil gjøre at ein både kan få vesentlege inntekter til fellesskapet og at selskapa ønskjer å gjennomføre alle lønnsame prosjekt.

Utvunnen petroleum frå norsk kontinentalsokkel blir i mange tilfelle omsett til nærliggande selskap. Det er viktig for statens inntekter at olje og gass seld frå Noreg blir skattlagd til marknadsprisar. For å kunne vurdere om prisfastsetjinga til nærliggande selskap er slik som to uavhengige partar ville ha avtala seg imellom, kan det fastsetjast normprisar som skal brukast til å rekne ut skattbar inntekt ved likninga. Det er Petroleumsprisrådet (PPR) som fastset normprisen. Rådet tar imot informasjon og har møte med selskapa før den endelige normprisen blir sett. Normprissystemet gjeld for ulike typar og kvalitetar petroleum. For gass legg ein den faktiske salspisen til grunn.

### Driftsinntekter (normpris)

- Driftskostnader
  - Avskrivning (lineært over 6 år)
  - Letekostnader, FoU og avslutningskostnader
  - Miljøavgifter og arealavgift
  - Netto finanskostnader
- 
- = Ordinært skattegrunnlag (27 %)
  - Friinntekt (5,5% av investeringer over 4 år)
- 
- = Særskattegrunnlaget (skattesats: 51 %)

**Figur 3.1** Utrekning av petroleumsskatt


(Kjelde: Olje- og energidepartementet)

Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE) er ei ordning der staten eig ein del i mange olje- og gassfelt, rørleidningar og landanlegg. Eigardelen i olje- og gassfelta blir fastsett i samband med tildeilinga av utvinningsløyvet, og storleiken varierer frå felt til felt. Som éin av fleire eigara dekkjer staten sin del av investeringane og kostnadene og får ein tilsvarende del av inntektene frå utvinningsløyvet. SDØE blei oppretta med verknad frå 1. januar 1985. Fram til då hadde staten hatt eigarskap i utvinningsløyve berre gjennom Statoil, som staten då var eineeigar av. Statoils deltagardelar blei i 1985 splitta i ein direkte økonomisk del til staten (SDØE) og ein del til Statoil. I samband med børsnoteringa av Statoil i 2001 blei ansvaret for ivaretaking av SDØE-porteføljen overført til det statlege ivaretakarskapet Petoro. Per 01.01.2014 hadde staten direkte økonomiske deltagardelar i 179 utvinningsløyve, og dessutan delar i 15 interessentskap i rørleidningar og landanlegg.

Staten eig 67 prosent av aksjane i Statoil. Som eigar i Statoil får staten utbytte som blir ein del av inntektene frå petroleumsverksemda. Utbyttet som staten fekk i 2013 var 14,42 milliardar kroner.

Arealavgifta skal medverke til at tildelte område blir utforska på ein effektiv måte, slik at eventuelle ressursar kjem i produksjon så fort som råd innanfor økonomisk forsvarlege rammer, og slik at eksisterande felt får lengre levetid.

Viktige miljøavgifter for petroleumsverksemda er CO<sub>2</sub>-avgifta og NO<sub>x</sub>-avgifta. I samband med petroleumsverksemda er det i tillegg kvoteplikt. Det inneber at rettshavarselskapet må kjøpe klimakvotar for kvart tonn CO<sub>2</sub> dei slepper ut på norsk kontinentalsokkel.



**Figur 3.2** Statleg organisering av petroleumsverksemda (Kjelde: Statsbudsjettet)

CO<sub>2</sub>-avgifta blei innført i 1991 og er eit verkemiddel for å redusere utslepp av CO<sub>2</sub> frå petroleumsverksemda. CO<sub>2</sub>-avgifta skal betalast per standardkubikkmeter (Sm3) gass som blir brend eller sleppt direkte ut, og per liter olje eller kondensat som blir brend. For 2014 er satsen sett til 98 øre per liter olje, kondensat eller standardkubikkmeter gass. Samla kostnad for å sleppe ut CO<sub>2</sub> i verksemda er høg, om lag 450 kr/tonn CO<sub>2</sub>.

Extractive Industries Transparency Initiative (EITI) er eit internasjonalt initiativ der føremålet er å styrkje styresettet ved å offentleggjere og kontrollere inntektsstraumar til staten frå olje-, gass- og gruveselskap i land som er rike på naturressursar. Større openheit om pengestraumar skal gjøre sitt til å betre forvaltninga og til at innbyggjarane kan halde si eiga regjering ansvarleg for bruken av pengane. Som det til no einaste OECD-landet har Noreg implementert EITI. Det er oppretta ei interessentgruppe med deltagarar frå styremaktene, selskapa og sivilsamfunnet. Gruppa tar aktivt del i prosessen med å ta i bruk EITI i Noreg. Noreg blei godkjent som EITI-land i mars 2011. 24 land er så langt godkjend som EITI medlemmar.



# DEN NORSKE PETROLEUMSINDUSTRIEN – FRÅ BRØNN TIL KUNDE

4



Frå prosessanlegget på Kollsnes i Hordaland. Her blir mellom anna gassen frå Trollfeltet prosessert  
(Foto: Øyvind Sætre/Gassco)


For å sikre at ressursane på norsk sokkel blir effektivt utnytta, går det føre seg ein lang og grundig prosess frå funn blir gjort til dei er bygt ut og produksjonen tek til. Samstundes må verksemda stadig tilpasse seg ny informasjon, ny teknologi, endra krav og marknadstilhøve. I dette kapittelet gjer vi kort greie for leiteverksemda på norsk sokkel, utbygging, drift og avvikling av felta, gassseksport og dei viktigaste marknadstilhøva i dag, og til slutt omsyna til klima og miljø.

## Leiteverksemda

**For å få ut petroleumsressursane som finst på den norske kontinentalsokkelen, må ressursane påvisast gjennom leiting. Utforminga av leitepolitikken er difor ein viktig del av den langsiktige norske ressursforvaltinga og regjeringa vil gi selskapa tilgang til attraktive leiteareal**

På den norske kontinentalsokkelen har Stortinget opna for petroleumsaktivitet i størstedelen av Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet Sør. Estimata frå Oljedirektoratet over uoppdaga ressursar i områda på sokkelen, ligg på om lag 3 mrd Sm<sup>3</sup> utvinnelege olje-ekvivalentar. Fordelinga av dei uoppdaga ressursane mellom dei ulike havområda er om lag 28 pst i Nordsjøen, 29 pst i Norskehavet og 43 pst i Barentshavet (sjå figur 4.2).

Etter at leiteaktiviteten i ein periode hadde vore låg, tok han seg opp i 2006, sjå figur 4.1. I 2009 blei det sett ny rekord med 65 igangsette leitebrønnar. I 2013 begynte selskapa på 59 leitebrønnar, og dette resulterte i 20 funn. Dei siste åra er det også gjort store funn som Johan Sverdrup i Nordsjøen og Johan Castberg i Barentshavet.



**Figur 4.1** Igangsette leitebrønnar på den norske kontinentalsokkelen 1970–2013 (Kjelde: Oljedirektoratet)

## Leitepolitikk i modne og umodne område

### Konsesjonssystemet

I det norske konsesjonssystemet er det to typar likestilte konsejsjonsrundar. Den eine er dei nummererte konsesjonsrundane for umodne delar av sokkelen. Slike har det vore sidan 1965, i seinare tid gjennomførde annakvart år. Nummererte konsesjonsrundar startar med at oljeselskapa blir inviterte til å nominere blokker som dei ønskjer utlyst. Basert på dette og på vurderingane til styresmaktena sjølv blir eit forslag til utlysing sendt ut på offentleg høyring. Utlysinga av runden blir til slutt kunngjord av regjeringa.

Den andre er ordninga med tildeling av utvinningsløyve i førehandsdefinerte område (TFO) som blei innført for modne delar av kontinentalsokkelen i 2003. Ordninga inneber at det er oppretta førehandsdefinerte leiteområde som omfattar alt mode areal på sokkelen, der oljeselskapa kan søkje på alt areal innanfor det definerte området. Etter kvart som nye område blir modna, vil områda bli utvida, men ikkje innskrenka. Det er lagt opp til ein fast årleg syklus for konsesjonsrundar i modne område. Til no har det vore gjennomført 11 årlege rundar (TFO 2003–2013).


I konsesjonsrundane kan søkerane søkje som gruppe eller individuelt. Til grunn for tildelinga av utvinningsløyva ligg saklege, objektive, ikkje-diskriminerande og kunngjorde kriterium. På bakgrunn av søkerne som kjem inn, tildeler Olje- og energidepartementet utvinningsløyve til ei gruppe selskap. Departementet peikar ut ein operatør for interessentskapet til å stå for den operative verksemda som løyvet gir rett til.

Utvinningsløyvet gjeld i første omgang for ein initiell periode (leiteperiode) som kan vare inntil ti år.


### Modne område

Petroleumsverksemda på den norske kontinentalsokkelen tok til i Nordsjøen, og har, over tid flytta seg nordover basert på prinsippet om stegvis utforskning. Frå eit leiteperspektiv gjer dette at store delar av Nordsjøen i dag blir rekna som modne område. Det same gjeld Haltenbanken og området rundt feltet Ormen Lange i Norskehavet og området rundt Snøhvit og Goliat i Barentshavet.

Kjenneteikn på modne område er kjend geologi og godt utbygd eller planlagd infrastruktur. Det er sannsynleg at det vil bli gjort funn, men mindre sannsynleg at det vil vere nye, store funn. Det er viktig å påvise, og få ut ressursane i området, før infrastrukturen i området blir stengd ned. Dersom det ikkje lèt seg gjere, kan lønnsame ressursar bli liggjande att fordi funna er for små til å forsvare ei eiga utbygging av infrastruktur. Tilleggsressursane frå området rundt eit produserande eller planlagt felt kan òg auke lønnsemada i felta mellom anna ved å forlengje levetida på hovudfelta slik at meir av ressursane som er til stades kan produserast.



**Figur 4.2** Uoppdagde ressursar fordelt på område. Talet i kvar søyle viser venta utvinneleg volum medan den skrå linja viser uvissa i estimatet, lågt estimat til venstre, høgt estimat til høgre (Kjelde: Oljedirektoratet)



Figur 4.3 Arealstatus for norsk kontinentalsokkel per mars 2014 (Kjelde: Olje- og energidepartementet)

I dei modne delane av norsk sokkel har styresmaktene tilpassa konsejonspolitikken slik at dei tidskritiske ressursane kan bli produsert i rett tid. Difor blei ordninga med tildeling i førehandsdefinerte område (TFO) innført. Figur 4.3 viser det arealet som blei lyst ut for tildeling i TFO 2014. TFO-område er eit forehåndsdefinert område som ikkje kan innskrenkast, men som blir utvida etter kvart som nye område blir modne. Innanfor TFO området blir det gjennomført årlege tildelinger.

For styresmaktene er det viktig at det blir arbeidd aktivt med areal som har fått konsesjon. Ved tildeling blir områda for utvinningsløyve skreddarsyddé slik at selskapet berre får område der dei har konkrete planar for utforskning. Dersom ein gruppe rettshavarar ikkje lengre ønskjer å utforske området omfatta av utvinningsløyve, må området leverast tilbake. Nye selskap, som kan ha eit anna syn på potensialet, kan då søkje på det tilbakeleverte arealet. Det fører til sirkulasjon av areal og meir effektiv utforskning av dei modne områda.

### Umodne område

Områda på den norske kontinentalsokkelen som i dag blir rekna som umodne, er store delar av Barentshavet og Norskehavet, og mindre område i Nordsjøen. I Norskehavet gjeld det særleg djupvassområda og dei nordlegaste delane.

Kjenneteikn på umodne område er lite kjennskap til geologien, større tekniske utfordringar og manglende infrastruktur. Uvissa omkring geologien er større her, og det er mogleg å gjere nye, store funn. Aktørane som skal leite i umodne område må i tillegg til eit solid finansielt fundament ha brei erfaring og teknisk og geologisk kompetanse.

I 18. konsesjonsrunde i 2004 blei prinsippa for tilbakelevering i umodne område endra til å vere likelydande med dei prinsippa som gjeld for modne område. Det tar lang tid å leite etter ressursar i umodne område. Ikkje alle selskap som har fått utvinningsløyve i umodne område, kan levere inn ein utbyggingsplan ved utgangen av den initiale perioden. Hovudregelen for tilbakelevering i desse områda er knytt til avgrensing av ressursar som er påvist ved boring. I umodne område er det elles gjort dei same endringane som i modne område når det gjeld å skreddarsy områda og arbeidsprogramma som skal tildelast.


22. konsesjonsrunde blei tildelt våren 2013 og omfatta 24 utvinningsløyve i Barentshavet og Norskehavet. 29 selskap fekk tilbod om andelar. 23. konsesjonsrunde blei sett i gang i august 2013 med invitasjon til å nominere område på sokkelen. Ein konsesjonsrunde tar normalt 2-3 år. Fokuset for konsesjonsrunden blir truleg i Barentshavet.

### Opna område og opningsprosessar


På den norske kontinentalsokkelen er det framleis store område som Stortinget ikkje har opna for petroleumsverksemd. Det gjeld mellom anna heile Barentshavet nord, det nordaustlege Norskehavet (Troms II, Nordland VII og delar av Nordland IV, V og VI), Skagerrak og området rundt Jan Mayen. Generelt gjeld det for uopna område at Stortinget må vedta at dei skal opnast for petroleumsaktivitet før dei eventuelt kan bli lyst ut i ein konsesjonsrunde. Noko av grunnlaget for slike vedtak er ei konsekvensutgreiing som vurderer mellom anna økonomiske og sosiale verknader, samt miljøverknader som verksemda vil kunne ha.

### Aktorbiletet


Med aktorbiletet meiner vi talet på og samansetjinga av oljeselskap som gjennomfører petroleumsaktivitetar på den norske kontinentalsokkelen. Dei største internasjonale aktørane har ein sentral plass, ein naturleg konsekvens av at det har vore store og krevjande oppgåver på sokkelen. Etter kvart som områda har modnast og utfordringane har endra seg og blitt meir diversifiserte, har det vore viktig å tilpasse aktorbiletet til den endra situasjonen. (sjå figur 4.6). For å legge forholda betre til rette for nye aktørar er det introdusert ei ordning med prekvalifisering av nye operatørar og rettshavarar. Dei nye selskapet bidreg i dag vesentleg til leiting og ressurstilvekst på norsk sokkel, sjå figurene 4.4 og 4.5.



**Figur 4.4** Leitekostnader i utvinningsløyve i Nordsjøen etter storleiken på selskapet (Kjelde: Oljedirektoratet)



**Figur 4.5** Ressurstilvekst (Kjelde: Oljedirektoratet)



**Figur 4.6** Stigande oljepris og eit breiare aktørbilete har medverka til høg leiteaktivitet (Kjelde: Oljedirektoratet)

## Utbygging og drift

Styremaktene har etablert rammer for utbygging og drift som skal sikre langsigktig god forvaltning av petroleumressursane, saman med andre samfunnsomsyn. Frå utbygging av felta og fram til avvikling må det takast omsyn til langsiktige, heilskaplege og effektive løysingar.


I 2013 godkjende styremaktene planane for utbygging og drift (PUD) av felta Gina Krog, Ivar Aasen, Aasta Hansteen, og Oseberg Delta 2. Samstundes med godkjenning av Aasta Hansteen blei også plan for anlegg og drift (PAD) for gassrøyet Polarled godkjent. Utbyggingsplanen for Flyndre ligg til godkjenning hos styremaktene. I 2014 er det også forventa at utbyggingsplanar for mellom andre Zidane og Maria blir sende inn.

## Effektiv produksjon av petroleumressursane


Med tanke på samfunnsinteressene i samband med utbygging og drift av olje- og gassfelt, har styremaktene etablert rammer for desse aktivitetane. Det er lagt opp til ein modell som utnyttar både samarbeidet og konkurransen mellom aktørene. Føremålet er å skape eit klima for gode avgjerder som tener både storsamfunnet og selskapa. Sjå kapittel 3 for meir informasjon om organisering og rammeverk.

Det er viktig å utnytte ressursane i dei kjende områda godt. Her er det eit stort potensial som kan generere store verdiar for samfunnet dersom det blir utnytta. Oljedirektoratet har vurdert dette potensialet og kome fram til ei målsetjing om ein reservetilvekst på den norske kontinentalsokkelen på 800 mill. Sm³ olje i tiårsperioden før 2015. Reservetilveksten per 31.12.2013 var 638 mill. Sm³ olje. Det er om lag dobbelt så mykje som dei opphavlege oljeresursane i heile Gullfaksfeltet. Målsetjinga er eit strekkmål for industrien og styremaktene.

Figur 4.7 viser årleg tilvekst av oljereservar i perioden 1993–2013. Rekneskapen for 2013 viste ein vekst på 155 mill. Sm³ olje, bokført som nye reservar. Den største auken i oljereservane kjem frå felta Ekofisk, Troll og Gullfaks Sør, og frå at det er vedtatt utbygging av ressursane i felta Edvard Grieg, Martin Linge, Gina Krog og Ivar Aasen, slik at dei dermed har gått frå å vere ressursar til å bli reservar.



**Figur 4.7** Brutto reservetilvekst, olje 1983–2013 (Kjelde: Oljedirektoratet)



Figur 4.8 Fordeling av oljeressursar og oljereservar i felt (Kjelde: Oljedirektoratet)

## Auka utvinning i modne område

Det ligg framleis eit stort potensial for verdiskaping i å auke utningsgraden i produserande felt, effektivisere drifta og leite etter ressursar i nærleiken av utbygd infrastruktur.


Figur 4.8 gir ei oversikt over oljeressursane i dei 30 største felta i produksjon. Ressursane kan delast inn i tre grupper:

- produserte mengder
- reservar som er att
- ressursar som vil bli liggjande att i grunnen etter den planlagde nedstenginga.


Figuren viser at med dagens planar vil det vere att store oljeressursar etter den planlagde nedstenginga av desse felta. Mange tiltak er nødvendige dersom ein skal kunne produsere meir av ressursane på norsk sokkel. Tiltaka kan delast i to hovudgrupper: Tiltak for å auke ressursuttaket og effektivisering av drifta.

## Auka ressursuttak

Først og fremst må rettshavarane investere i prosjekt som kan auke utvinninga. Døme på dette er boring av fleire brønnar, tiltak for å få meir ut av eksisterande brønnar, injeksjon i reservoara for å få ut meir petroleum og tilpassingar i prosessanlegg. Slike tiltak gjer sitt til å auke den gjennomsnittlege utvinningsgraden.



Figur 4.9 Produksjonsutvikling for Ekofisk, Varg, Oseberg og Ula (Kjelde: Oljedirektoratet)



**Figur 4.10** Levetida for nokre felt (Kjelde: Oljedirektoratet)

Det er store skilnader i utvinningsgrad felta imellom, mellom anna på grunn av dei geologiske forholda. Like fullt kan det vere av interesse å sjå på utviklinga av gjennomsnittleg utvinningsgrad for alle felta. I 1995 var den venta gjennomsnittlege utvinningsgraden for olje om lag 40 prosent for felt i produksjon. I dag er den tilsvarende graden 46 prosent. Ein forventar at utvinningsgraden vil auke i åra som kjem. Utvikling og bruk av ny teknologi har vore og er svært viktig for å auke utvinninga. Sidan mange felt på norsk sokkel er i haleproduksjon, er det stor vinst av å auke utvinninga og forlenge drifta frå desse. Den faktiske produksjonen frå felt som Ekofisk, Varg, Oseberg og Ula har blitt svært annleis enn det dei opphavlege utbyggingsplanane la opp til, sjå figur 4.9.

Lengre levetid er positivt: Ein kan produsere meir og ein kan setje i verk auka utvinningsstiltak. Det inneber at infrastrukturen vil vere på plass i ein lengre periode. Dermed aukar sjansane for at andre funn kan bli knytt opp til denne infrastrukturen, slik at levetida til felt blir lengre enn ein tidlegare har rekna med, sjå figur 4.10.

Auka oljeutvinning blir definert som all auke av oljereservar samanlikna med eit referansepunkt. Referansepunktet vil normalt vere plan for utbygging og drift (PUD).

Det er store skilnader i reservoarmessige og tekniske løysingar mellom ulike oljefelt. Dei valde utbyggingsløysingane vil legge føringer for kva tiltak det er realistisk å gjennomføre for auka utvining på eit seinare tidspunkt. På enkelte oljefelt blir det valt utbyggingsløysingar som gir stor fleksibilitet til å gjennomføre nye tiltak for auka utvining, mens det på andre felt er vedtatt utbyggingsløysingar som gjer det meir kostnadskrevjande å auke utvinninga på eit seinare tidspunkt.

## Faktaboks 4.1 Auka oljeutvinning

Auka oljeutvinning er definert som all auke i oljereservar samanlikna med eit referansepunkt. Referansepunktet vil normalt vere plan for utbygging og drift (PUD). Desse oljevoluma er alt funne, men treng modning, til dømes ved teknologiutvikling, før dei kan produserast. Av dei attverande oljeresursane som etter dei planane som er vedtekne i dag vil bli liggjande att i reservoaret, er om lag halvdelen mobil olje. Resten er immobil olje som krev avanserte fløyingsmetodar for å bli produsert.

Auka oljeutvinning kan definerast som Improved Oil Recovery (IOR) og Enhanced Oil Recovery (EOR). IOR inneber konvensjonelle og mekaniske utvinningsmetodar retta mot den mobile oljen, og blir ofte kalla produksjonsoptimalisering. På norsk sokkel er det i hovudsak boring av fleire og meir avanserte brønnar som har bidratt til IOR.

EOR er avanserte fløyingsmetodar der eigenskapane til eksisterande eller nye injeksjonsvæsker blir endra. Overflatespenninga mellom olje og vatn eller fuktigseigenskapane i reservoaret kan endra slik at den immobile oljen kan produserast. Injeksjon av vatn med redusert saltinnhald, CO<sub>2</sub> og surfaktantar (tensid) er døme på slike injeksjonsvæsker. Andre kjemiske endringar av injeksjonsvæska, som tilsetting av polymer, kan bidra til at mobil olje som ikkje er blitt eksponert for injeksjon kan produserast.

## Effektiv drift

Den viktigaste faktoren for å forlengje levetida til eit felt er at produksjonen er lønnsam. Effektiv drift medverkar til å redusere og kontrollere produksjonskostnadene. Vidare gjer effektiv drift det muleg med lønnsam produksjon over lengre tid. Er drifta effektiv nok, kan meir av ressursane bli lønnsame å produsere. Mange felt er i ein situasjon der kostnadsnivået må reduserast for å kunne forsvare lønnsam drift og verdiskaping. Trass i høge oljeprisar dei siste åra, har også kostnadene på norsk sokkel auka og gjort at merksemda om effektiv drift er særskilt viktig for selskapa. Effektiv drift er også viktig for å redusere utslepp til luft og sjø frå aktivitetane på norsk kontinentalsokkel.

## Nye funn – effektiv utnytting av infrastruktur

I 2013 blei det investert om lag 173 mrd. kroner på den norske kontinentalsokkelen utanom leiting. Totalt er det investert over 2600 mrd. kroner på norsk sokkel målt i dagens pengeverdi. Gjennom desse investeringane er det etablert mykje infrastruktur. Denne infrastrukturen gjer det mogleg å produsere og transportere petro-

Høyre: Prosessanlegget på Skarv FPSO. Skarv utenfor Helglands-kysten kom i produksjon kring årsskiftet 2012/2013  
(Foto: BP)

Under: Understellet til Edvard Grieg-plattforma under bygging på Kværner Verdal (Foto: Lundin)



leum, og han legg grunnlag for å utnytte ytterlegare ressursar på ein kostnadseffektiv måte.

Når produksjonen frå eit felt minkar, blir det ledig kapasitet i infrastrukturen som kan nyttast effektivt for ressursar som kan knytast opp til denne infrastrukturen. I ein del tilfelle er bruk av eksisterande infrastruktur ein føresetnad for lønnsam utbygging og produksjon av nye, mindre førekommstar. Leiting etter og utbygging av ressursar i nærleiken av eksisterande infrastruktur, kan tilføre det norske samfunnet store verdiar. Styremaktene oppfordrar aktørane til samarbeid, og følgjer mellom anna arbeidet til samarbeidsforsa som områdeforum, som er verksame for enkelte område på norsk sokkel.

For å medverke til effektiv bruk av eksisterande infrastruktur, mellom anna plattformer og røyrleidningar, utarbeidde Olje- og energidepartementet i 2005 Forskrift om andres bruk av innretningar, som tok til å gjelde frå 2006. Føremålet med forskrifta er å sikre effektiv bruk av infrastrukturen og dermed gi rettshavarar gode insentiv til å drive leite- og utvinningsverksemd. Føremålet blir oppfylt gjennom rammer for forhandlingsprosessen og utforminga av tariffar og vilkår i avtalar om andre sin bruk av innretningar. Forskrifta inneber inga endring i prinsippet om at det er dei kommersielle aktørane som skal forhandle fram gode løysingar.

## Opprydding etter at produksjonen er avslutta

Petroleumsverksemda låner havet, og gjennom alle fasar av olje- og gassverksemda skal ein ta omsyn til miljøet og andre brukarar av havet. Utgangspunktet er at når verksemda er avslutta, skal innretningane fjernast og området ryddast.

Når styremaktene gjer vedtak om korleis ei innretning på den norske kontinentalsokkelen skal disponerast, tar dei i bruk både nasjonalt og internasjonalt regelverk. Ein viser til kapittel 3 Rammeverk og organisering for nærmere omtale av regelverket om disponeering, men vil i denne samanhengen nemne kravet i petroleumslova om at rettshavarane som hovudregel skal leggje fram ein avslutningsplan for departementet to til fem år før løyvet går ut, blir gitt opp, eller bruken av ei innretning endeleg tar slutt.


Olje- og energidepartementet har til nå handsama eit titals avslutningsplanar. I dei fleste sakene er det bestemt at utrangerte innretningar skal bli fjerna og tatt i land, som til dømes Odin, Nordøst Frigg, Øst Frigg, Lille Frigg og Frøy. Under handsaminga av avslutningsplanane for Ekofisk I og Frigg blei det gitt løyve til å la betongunderstellet med vernevegg på Ekofisktanken og eit betongunderstell på Friggfeltet vere att.

Nye funn og tiltak for auka utvinning har ført til forlenga levetid for fleire felt, til dømes Statfjord A og Varg, slik at innleveringa av avslutningsplanar er blitt utsett.

## Energimarknaden


Sikker tilgang til energi er viktig for alle land. Auka bruk av energi kan frigjere arbeidskraft frå lågproduktivt manuelt arbeid til bruk i meir høgproduktiv verksemd. Samanhengen mellom energiforbruk og vekst i BNP er difor sterkt, særleg for framveksande økonomiar. Olje og gass er ei av dei viktigaste handelsvarene i verda. Auka etterspurnad i Asia og auka tilbod frå Nord-Amerika fører til at dei globale handelsmønstra vil endre seg framover.

Dei viktigaste drivkraftene bak auka energiforbruk er vekst i folketalet og i økonomien. I tida framover vil auka etterspurnad stort sett kome frå landa utanfor OECD. Framveksande økonomiar vil stå for om lag 90 prosent av auken fram mot 2035, og økonomisk vekst i Kina er i dag den viktigaste drivande faktoren. I framtida vil truleg India ta over Kinas rolle. Asias netto import i 2012 er vist i figur 4.11.



**Figur 4.11** Differansen mellom produksjon og forbruk av olje og gass fordelt på verdsdel, 2012 (Kjelde: BP Statistical Review 2013)

Ser vi på forbruket av energi fordelt på kjelde i 2012 utgjer olje den største delen, etterfølgd av kol og gass. Basert på kva som var kommersiell omsatt i 2012, dekte fossile energikjelder om lag 87 prosent av den globale etterspurnaden samla sett. Fornybar energi aukar sterkt, men aukar frå et lågt nivå. Etterspurnaden etter kol har auka sterkt dei siste åra.




**Figur 4.12** Verdas energietterspørsel fordelt på kjelde, 2012  
(Kjelde: BP Statistical Review 2013)

### Utviklinga i pris

Sterk vekst i etterspurnaden frå Asia har i ein lang periode vore med på å skape kraftig oppgang i prisen for olje og gass. Samstundes har prisen på innsatsfaktorar auka kraftig. Når dei lettaste ressursane blir produserte først, vil dei attverande ressursar vere vanskelegare å utvinne, eller dei vil ofte ligge lenger unna eksisterande infrastruktur og marknader. Dette gjer at produksjons- og transportkostnadene ofte aukar. Isolert sett er dette over tid med på å auke prisen. Geopolitiske forhold, slik som krig og politiske endringar, påverkar produksjonsmönstra og har verka inn på prisutviklinga dei siste åra.

Utsikter til relativt høge olje- og gassprisar og stadig betre teknologi er ein av grunnane til at ressursar som tidlegare ikkje blei sett som kommersielle å utvinne blir sett i produksjon. Dels er dette ukonvensjonelle ressursar som ikkje tidlegare har vore lønnsame å utvinne. Oljesand i Canada, tungolje i Venezuela og skiferolje og -gass i USA er døme på slike ukonvensjonelle ressursar. Produksjon frå desse nye olje- og gassressursar vil vere viktig på tilbodssida framover, trass i at størstedelen av produksjonen framleis kjem frå dei konvensjonelle olje- og gassressursane.

Økonomisk vekst i framveksande asiatiske land og redusert tilbod grunna politisk uro i Midt-Austen og Nord-Afrika har dei siste åra gitt prisar på et historisk høgt nivå. Økonomisk vekst i Asia, utviklinga i Midt-Austen og produksjon frå nye olje- og gassressursar vil vere særskilt viktige for tilbods- og etterspurnadssida også framover.




**Figur 4.13** Historiske priser på olje og gass (1985–2012), løpende USD  
(Kjelde: BP Statistical Review 2013)

### Olje

Transportsektoren står for meir enn halvparten av oljeforbruket, i form av drivstoff til motorkøyretøy. Olje blir også brukt som råvare i industri og i nokon grad til kraft- og varmeproduksjon. Olje dekkar om lag 33 prosent av verdas energietterspurnad i 2012. Svak økonomisk utvikling innanfor OECD og høge prisar har gjort at veksten i etterspurnad har vore svak dei siste åra. I 2012 var dagleg forbruk på verdbasis 89,8 millionar fat. Til samanlikning var dagleg oljeproduksjon på norsk sokkel om lag 1,9 millionar fat.

USA, Kina, Japan, India, Russland og Saudi-Arabia vart dei største olje-konsumentane i 2012, mens dei største produsentane var Saudi-Arabia, Russland, USA, Kina, Canada, Iran, Dei foreinte arabiske emirata, Kuwait og Irak. Noreg var den 15. største oljeprodusenten i 2012.

Mykje av dei attverande oljeressursane er lokaliserte i Midt-Austen. Dei største produsentane i Midt-Austen, saman med nokre andre produsentland, samarbeider gjennom organisasjonen OPEC. Ved å auke eller redusere tilbodet søker OPEC-landa å halde prisen på eit stabilt nivå som for dei er akseptabelt. Gjennomsnittsprisane på råolje (Brent blend) var i 2012 og 2013 etter tur på 111,7 og 108,7 dollar per fat. I et historisk perspektiv er dette svært høge prisar.



**Figur 4.14** Olje- og gassreservar for utvalde land, 2012





(Kjelde: BP Statistical Review 2013)

## Naturgass

Naturgass utgjer over 24 prosent av den samla energietterspanden i verda. Naturgass blir stort sett nytta til oppvarming og matlaging i hushald, i industri og til elektrisitetsproduksjon. I elektrisitetsproduksjon er det først og fremst kol dei konkurrerer med. Dei viktigaste marknadene for naturgass er Europa, Asia og Nord-Amerika. USA og Asia (spesielt Kina og Japan) sto for den største forbruksveksten i 2012. Dei største produsentane er USA, Russland, Iran, Qatar, Canada og Noreg.

Transport av gass skjer enten via røyrleidning eller på skip der gassen blir trykksett og nedkjølt for å auke transportert mengde energi per volumeining. Dette blir omtala som LNG (liquefied natural gas).

Transport av LNG krev mykje energi og er kostbart. Gassmarknadene har difor vore av meir regional karakter, i motsetnad til oljemarknaden som er ein effektiv global marknad. Gjennom store investeringar



**Figur 4.15** Produksjon og konsum av olje og gass for utvalde land, 2012 (Kjelde: BP Statistical Review 2013)


i transportkapasitet, enten røyrleidningar eller i LNG-kjeden, prøver aktørar å utnytte skilnadar i pris mellom dei regionale marknadene. Dette gjer at marknadene blir meir integrerte.

Auka etterspurnad frå Asia, tilbod av ukonvensjonell gass frå USA, transportkapasitet for LNG og gassprisen relativt til kol er dei viktigaste faktorane som vil påverke gassmarknaden framover.


## Gasseksport frå norsk sokkel

Norge er den tredje største gasseksportøren i verda. Så godt som all norsk gass blir selt i den europeiske marknaden. Ein godt utbygd og effektiv gassinfrastruktur og kort transportavstand gjer norsk gass konkurransedyktig i den europeiske marknaden.

Gassproduksjonen har dei siste åra vakse og utgjer difor ein større del av petroleumsproduksjonen enn tidlegare. Norsk gass blir eksportert til alle dei store konsumentlanda i Vest-Europa og er viktig for energiforsyninga i Europa. Gasseksporten var i 2013 om lag 107 BCM (mrd. Sm<sup>3</sup>). Av dette blei 103 BCM transportert gjennom røyrleidningane og 4 BCM som LNG frå Snøhvit-anlegget. I tillegg blei det levert om lag 1,5 BCM til innanlandsk forbruk. Noko av den produserte gassen blir reinjisert; i fjor om lag 30 BCM. Energiinhaldet i gassproduksjonen er om lag ti gonger så stort som den norske normalproduksjonen av elektrisitet og dekkjer 20 prosent av det europeiske gassforbruket. Størstedelen av eksporten går til Tyskland, Storbritannia, Belgia og Frankrike, der norsk gass utgjer mellom 20 og 40 prosent av det samla forbruket.




**Figur 4.17** Norsk naturgasseksport i 2013 fordelt på leveransepunkt  
(Kjelde: Gassco/Oljedirektoratet)



**Figur 4.16** Salsgass frå norske felt  
(Kjelde: Olje-og energidepartementet/Oljedirektoratet)

Alle rettshavarar på den norske kontinentalsokkelen er ansvarlege for å selje sin eigen gass. Statoil sel olje og gass som staten eig, saman med sin eigen petroleum, i samsvar med ein særskild instruks. Samla sel Statoil om lag 80 prosent av all norsk gass. Produentselskap på den norske kontinentalsokkelen sel gass til kjøparar i mellom anna Tyskland, Frankrike, Storbritannia, Belgia, Nederland, Italia, Spania og Danmark. Snøhvit-anlegget leverer LNG til land særleg i Europa og Asia. Figur 4.16 viser historisk og venta norsk gassal. Ein ventar at gassalet vil nå eit nivå mellom 105 og 130 mrd. Sm<sup>3</sup> i 2020, og mellom 80 og 120 mrd. Sm<sup>3</sup> i 2025.

Store investeringar i transportløysingar er eit særtrekk ved gassproduksjon. Transportkapasiteten i det norske røyrleidningssystemet er i dag om lag 120 mrd. Sm<sup>3</sup> per år. Integrert i røyrleidningssystemet er tre landanlegg for gass - Kårstø, Kollsnes og Nyhamna – som tar imot rikgass frå felta. Frå rikgassen blir det skilt ut tørrgass for vidare transport gjennom røyrleidningane til mottaksterminalane. Det er fire mottaksterminalar for norsk gass på kontinentet: to i Tyskland, ein i Belgia og ein i Frankrike. I tillegg er det to mottaksterminalar i Storbritannia. Det norske gasstransportsystemet omfattar eit nettverk av røyrleidningar med ei lengd på om lag 8000 km, om lag som avstanden frå Oslo til Beijing. Det er utarbeidd traktatar som regulerer rettar og plikter mellom Noreg og landa som har landingspunkt for gass frå norsk sokkel. Meir detaljert informasjon om røyrleidningar og landanlegg fins i vedlegg 3.



**Figur 4.18** Gassrøyrleidningar (Kjelde: Oljedirektoratet)

## Organisering av gasstransportsystemet

Et overordna mål for styresmaktene er å oppnå størst muleg verdi på dei norske petroleumsressursane. Dei fleste felta inneholder både olje og gass, og det er om å gjere å sikre optimal balanse mellom oljeproduksjon og gassproduksjon. Når styresmaktene tildeler produksjonsløye for gass, tar dei omsyn til utvinninga av olje. Styresmaktene har ei viktig rolle når det gjeld å leggje til rette for at handlings- og transportkapasiteten skal vere godt tilpassa framtidige behov. Samstundes er det viktig å sikre effektiv drift i det norske gasstransportsystemet. Til det nyttar styresmaktene hjelpemiddel som operatøren Gassco, den samordna eigarskapen av systemet Gassled og regulert tilgang til transportsystemet.

### Gassco

Gassco AS vart oppretta i 2001, og staten eig 100 prosent av selskapet. Gassco er ein nøytral og uavhengig operatør av gasstransportsystemet med eit særskilt og eit allment operatøransvar. Det særskilde operatøransvaret er regulert gjennom petroleumslova og forskrifter og omfattar oppgåver som å utvikle ny infrastruktur, administrere kapasiteten i gasstransportsystemet og koordinere og styre gasstraumane gjennom nettverket av røyrleidningar fram til marknadene. Det allmenne operatøransvaret går ut på utøving av anleggsstyring i samband med petroleumslova og helse-, miljø- og sikkerheitslovgivinga (HMS). Denne verksemda er også regulert i operatørvatallen med Gassled. Gassco si rolle som nøytral og uavhengig operatør for gasstransportsystemet er viktig for å sikre at alle brukarane blir behandla likt.

Gassco greier ut transportløysingar, og gir råd til styresmaktene. Gassco skal medverke til ei heilskapleg vidareutvikling av norsk gassinfrastruktur. Når ein vurderer større utbyggingar, må difor annan norsk gass utover felt som utløyser eit gasstransportbehov, også bli tatt med i vurderingane. Ny gassinfrastruktur skal byggjast ut på ein måte som er tenleg for den eksisterande gassinfrastrukturen.

### Gassled

Gassled er eit interessentskap som eig størstedelen av gassinfrastrukturen på norsk kontinentalsokkel; røyrleidningar, plattformer, prosessanlegg på land og mottaksterminalar i utlandet. Infrastrukturen blir brukt av alle som har behov for å skipe norsk gass. Verksemda til Gassled er regulert av petroleumsforskrifta og tariffane for dei individuelle tenestene er fastsett av Olje- og energidepartementet. Selskapet har ikkje tilsette, og det blir organisert gjennom komitear med spesifikke oppgåver.

Eigarane av Gassled var ved utgangen av 2013; Petoro AS, Solveig Gas Norway AS, Njord Gas Infrastructure AS, Silex Gas Norway AS, Infragas Norge AS, Statoil Petroleum AS, Norsea Gas AS, ConocoPhillips Skandinavia AS, DONG E&P Norge AS, GDF SUEZ E&P Norge AS og RWE Dea Norge AS.

## Regulert tilgang til transportsystemet

Røyrleidningssystemet er eit naturleg monopol, med store grunnlagsinvesteringar. Difor blir tilgang til og tariffane for bruk av kapasitet regulert av styresmaktene. For å fremje god ressursforvaltning, blir tariffane fastsett slik at fortjenesta frå olje- og gassutvinning blir tatt ut på felta, samstundes som eigarane av infrastrukturen får ei rimeleg avkastning på investeringane. Oljeselskapa har tilgang til kapasitet i systemet ut frå behovet for gasstransport. For å sikre god ressursforvaltning kan transportrettane bli overdratt mellom brukarar når behova endrar seg.

Felles eigarskap for transportsystemet sikrar at gassen blir frakta mest muleg effektivt og gir størst verdiskaping, sidan ein unngår interessekonfliktar om kva for ein røyrleidning gassen skal bli frakta gjennom. Gassco ser også til at frakta av gass i den daglege drifta av anlegga er effektiv, som ein del av det særskilde operatøransvaret.


## Utslepp frå petroleumsverksemda

Omsyn til miljøet er ein integrert del av forvaltninga av dei norske petroleumsressursane. Reguleringa bidrar til at det blir tatt omsyn til miljøet i alle fasar av petroleumsverksemda, frå konsejsjonsrundar til leiting, utbygging, drift og disponering.

Utslepp frå petroleumssektoren til luft er stort sett eksos frå brenning av naturgass i turbinar, fakling av naturgass og brenning av diesel (sjå figur 4.19). Desse avgassane inneholder mellom anna CO<sub>2</sub> og NO<sub>x</sub>. Andre utslepp er nmVOC, metan (CH<sub>4</sub>) og svoveldioksid (SO<sub>2</sub>). Utslepp frå petroleumssektoren til sjø inneholder restar av olje og kjemikalier som blir nytta i produksjonsprosessane. Det blir også utslepp til sjø av borekaks med restar av vassbaserte borevæsker. Ein har god oversikt over utsleppa, alle operatørar på den norske kontinentalsokkelen rapporterer utsleppsdata direkte inn i ein eigen database.

Utslepp frå petroleumsverksemda i Noreg blir regulert gjennom fleire lover, mellom anna petroleumslova, CO<sub>2</sub>-avgiftslova, særavgiftslova, klimakovteloava og foreureningslova. Petroleumsanlegga på land er underlagde dei same verkemidla som annan landbasert industri. Sentralt i petroleumslovgivinga står prosessane knytt til konsekvensutgreining og godkjenning av nye utbyggingsplanar (PUD/PAD). Anlegg på land eller sjø innanfor grunnilinja kjem i tillegg inn under føresegndene i plan- og bygningslova.

Som eit av dei første landa i verda innførte Noreg ei CO<sub>2</sub>-avgift i 1991. Avgifta har ført til utvikling av ny teknologi og utløyst tiltak som har redusert utsleppa mykje. Dei strenge reglane for fakling i petroleumslova gjer sitt til at det generelle nivået på fakling på norsk sokkel er lågt samanlikna med nivået internasjonalt. Verk-




**Figur 4.19** CO<sub>2</sub>-utslepp fra petroleumsverksemda i 2012, fordelt på kjelder (Kjelde: Oljedirektoratet)

semda er òg omfatta av det europeiske kvotesystemet for CO<sub>2</sub>. Styremaktene og oljeindustrien har arbeidd tett saman om å nå målet om null skadelege utslepp til sjø (nullutsleppsmålet). Ein reknar at målet om nullutslepp er nådd for tilsette kjemikaliar.

Som eit resultat av sterke verkemiddel og felles satsing mellom styremaktene og oljeselskap på forsking, teknologiutvikling og kompetansebygging, held norsk petroleumsverksemde svært høg miljøstandard samanlikna med petroleumsverksemde i andre land.

## Utslepp av klimagassar

På grunn av den særeigne samansetninga av norsk økonomi og at kraftproduksjonen på fastlandet er nær utelukkande vasskraft, står verksemda på kontinentalsokkelen for ein vesentleg del av dei nasjonale utsleppa av klimagassar. Petroleumsverksemda stod for kring 26 prosent av klimagassutsleppa i 2012. På grunnlag av oppdatert informasjon om produksjon og utslepp i petroleumssektoren reknar ein med at utsleppa frå petroleumssektoren aukar fram til rundt 2017 for deretter gradvis å minke, jf. figur 4.20. Energibruk og utslepp heng nært saman. Utviklinga på den norske kontinentalsokkelen har dei siste åra gått mot meir modne felt og lengre avstandar for gasstransport. I tillegg minkar reservoartrykket i gassfeltet, og det krev meir energi i utvinninga.



**Figur 4.20** Utslepp av CO<sub>2</sub> frå petroleumssektoren i Noreg (Kjelde: Oljedirektoratet)

Ei rekke tiltak er gjennomførde for å avgrense utsleppa. Brenninga av gass er svært låg, energiforsyninga på innretningane er effektivisert mellom anna gjennom bruk av varmegjenvinning frå turbinar eller kombikraftløysingar. Enkelte felt inneheld mykje CO<sub>2</sub>. Noreg var først i verda med å lage CO<sub>2</sub> tatt ut frå felt for å nå salskrava til gassen i større målestokk. Årleg blir det nå lagra opp til 1,7 mill tonn CO<sub>2</sub> frå Sleipner- og Snøhvitfeltet. Bruk av kraft frå land reduserer utsleppa på kontinentalsokkelen. Ei rekke sjølvstendige innretningar har i dag ei slik løysing.

Selskapa som opererer på norsk sokkel ligg langt framme når det gjeld å ta i bruk løysingar som gir låge utslepp av klimagassar. Sidan 2008 er petroleumsverksemda ilagt både CO<sub>2</sub>-avgiftsplikt og kvoteplikt. Samla gjer desse at næringa betaler ein høg pris for utslepp. Dette gjer at selskapa kan tene mykje på å redusere utsleppa sine. I tillegg blir det nytta andre verkemiddel, som vilkår i PUD/PAD, utsleppsløyve og produksjonsløyve (som mellom anna gjeld fakling).

Noreg er tilslutta EU sitt kvotesystem. Dette inneber at EUs kvotehandelsdirektiv med tilhøyrande avgjerder gjeld for norske kvotepliktige verksemder på lik linje med dei kvotepliktige verksemndene i EU. Tredje kvoteperiode gjeld frå 1. januar 2013 og fram til 2020. I Norge blir brenning av gass i fakkel berre tillate når det er nødvendig av tryggleiksgrunnar. Tillating til slik brenning blir gitt etter løyve frå Olje- og energidepartementet. Fakling stod i 2012 for om lag 10 prosent av CO<sub>2</sub>-utsleppa frå petroleumsverksemda.

Alle planar for utbygging og drift av olje- og gassfelt (PUD/PAD) skal innehalde ei god og effektiv energiløysing, med ei vurdering av kraftforsyning frå land. Det gjeld både nye feltutbyggingar og større modifikasjoner på eksisterande installasjonar.

## Andre utslepp til luft

$\text{NO}_x$  er ei nemning for fleire nitrogensambindingar som medverkar til forsuring. Miljøeffektane av  $\text{NO}_x$  er mellom anna skade på fiske- og dyreliv gjennom forsuring av vassdrag og jordsmonn, skade på helse, avlingar og bygningar på grunn av at det dannar seg bakkenært ozon. Noreg er i Gøteborgprotokollen forplikta til å redusere utsleppa av  $\text{NO}_x$ .


Det er nær samanheng mellom utsleppa av  $\text{CO}_2$  og  $\text{NO}_x$ . Som for  $\text{CO}_2$ , er gassbrenning i turbinar, fakling av gass og dieselbruk på innretningane sentrale utsleppskjelder for  $\text{NO}_x$ . Mengda av utslepp er avhengig både av teknologien og kor mykje drivstoff som blir brukt. Til dømes gir brenning i gassturbinar lågare utslepp av  $\text{NO}_x$  enn brenning i dieselmotorar.

Petroleumsvirksemda står for om lag 30 prosent av dei norske  $\text{NO}_x$ -utsleppa. Dei totale utsleppa av  $\text{NO}_x$  frå sektoren har auka frå 1991 (sjå figur 4.21), men stabilisert seg sidan begynninga på 2000-talet. I dei seinare åra har utslepp frå faste innretningar blitt redusert, medan utslepp frå flyttbare riggjar har auka. Dette skuldast auka aktivitet med flyttbare innretningar som igjen heng saman med at fleire nye utbyggings skjer på havbotnen og på djupt vatn.


Utslepp av  $\text{NO}_x$  knytte til drift av innretningar på kontinentalsockelen blir handsama i samband med behandlinga av PUD/PAD. Utsleppsløyve med heimel i forureiningslova omfattar òg  $\text{NO}_x$ -utslepp. Selskapa må betale avgift for sine utslepp eller slutte seg til miljøavtalen om  $\text{NO}_x$  som er inngått mellom den norske staten og næringsorganisasjonane.

NmVOC er ei nemning på flyktige organiske sambindingar, med unntak av metan, som fordampar frå substansar som til dømes råolje. Miljøeffektane av nmVOC er mellom anna at det dannar seg bakkenært ozon som kan gi helseeskadar og skade avlingar og bygningar. NmVOC kan også skade luftvegane ved direkte eksponering, og medverkar indirekte til drivhuseffekten ved at det dannar seg  $\text{CO}_2$  og ozon når nmVOC reagerer med luft i atmosfæren. Utsleppa av nmVOC frå petroleumsvirksemda kjem i hovudsak frå lagring og lasting av råolje offshore. Mindre utslepp oppstår også på gassterminalane.

Dei norske nmVOC-utsleppa var i 2012 på 132 000 tonn. Utsleppa er meir enn halvert sidan 1990. Tradisjonelt var petroleumssektoren hovudkjelda til utslepp av nmVOC, men sidan starten på 2000-talet har nmVOC-utsleppa frå sektoren blitt kraftig redusert. Hovudårsaka til nedgangen i utsleppa er implementeringa av utsleppsredusende teknologi som gjer at dei substansane som fordampar blir gjenvunne. Prognosane tyder på at nmVOC-utsleppa framleis vil vere låge i åra framover (sjå figur 4.22).



**Figur 4.21** Utslepp av  $\text{NO}_x$  frå petroleumsvirksemda  
(Kjelde: Oljedirektoratet)



**Figur 4.22** Utslepp av nmVOC frå petroleumsvirksemda  
(Kjelde: Oljedirektoratet)


## Driftsutslepp til sjø

Utslepp til sjø omfattar i hovudsak produsert vatn, borekaks og restar av kjemikaliar og sement frå boreoperasjonar. Desse utsleppa blir deponerte i undergrunnen eller blir behandla som farleg avfall, eller reinsa før dei blir sleppte ut i sjøen.

Vatn som blir produsert saman med olje og gass, inneheld restar av olje i dropeform (dispergert olje) og andre organiske komponentar (inkludert lause oljefraksjonar). Det produserte vatnet blir reinsa før det blir sleppt ut i sjøen eller reinjisert i undergrunnen.

Olje- og kjemikalieutslepp frå produsert vatn kan ha lokale effektar i nærliken av innretningane, og blir nasjonalt regulert gjennom utsleppsløyve med heimel i forureiningslova. Internasjonalt blir dei regulerte gjennom OSPAR-konvensjonen. Målsetjinga om null miljøfarlege utslepp til sjø frå petroleumsverksemdu blei slått fast i 1997. Målet anses være nådd for tilsatte stoffer.

Kjemikaliar er ei samlenemning for alle tilsetningsstoff og hjelpestoff som blir nytta ved bore- og brønnoperasjonar og i produksjon av olje og gass. Hovudregelen er at det ikkje skal sleppast ut miljøfarlege stoff, enten dei er tilsette eller finst naturleg. Bidraget frå petroleumssektoren til dei nasjonale utsleppa til sjø er på under tre prosent av miljøgiftene på prioriteringslista til Miljødirektoratet.




**Figur 4.23** Utslepp av kjemikaliar frå norsk petroleumsverksemdu, fordelt på kjelder, 2012 (Kjelde: Oljedirektoratet)

Selskapa må søkje om utsleppsløyve for å kunne sleppe ut kjemikaliar til sjø. Miljødirektoratet gir utsleppsløyve med heimel i føresegne i forureiningslova.

Det meste av kjemikalieutsleppa er knytt til boreverksemdu (sjå Figur 4.23), og utsleppsmengda varierer i tråd med aktivitetsnivået. Dei kjemikaliene som ikkje blir sleppte ut, løyser seg i olja, blir deponerte i undergrunnen eller blir behandla som farleg avfall.

Dei totale utsleppa av olje frå norsk petroleumsverksemdu står for ein liten del av den totale tilførselen til Nordsjøen. Hovudtilførselen av olje til Nordsjøen kjem frå skipsfart og frå fastlandet via elvar. Ein reknar med at om lag fem pst av dei totale oljeutsleppa til Nordsjøen kjem frå norsk petroleumsverksemdu.

På same måten som for kjemikaliar må selskapa søkje om utsleppsløyve for å få sleppe ut olje til sjø. Miljødirektoratet gir utsleppsløyve med heimel i føresegne i forureiningslova. Sjå figur 4.24 for totale utslepp av kjemikaliar frå norsk petroleumsverksemdu.



**Figur 4.24** Totale utslepp av kjemikaliar frå norsk petroleumsverksemdu (Kjelde: Oljedirektoratet)

## Akutte utslepp

Petroleumsvirksemda har ikkje vore årsak til store akutte utslepp av olje som har ført til miljøskadar. I dei 40 åra det har vore drive petroleumsproduksjon, har utslepp frå verksemda heller aldri nådd land. I 2012 utgjorde dei totale akutte utsleppa av olje til sjø 16,3 m<sup>3</sup>.

Etter forureiningslova har operatørselskapa sjølve ansvar for og plikt til å etablere nødvendig beredskap for å handtere akutt forureining. I tillegg er det kommunal og statleg beredskap. Alle akutte utslepp frå innretningane på kontinentalsokkelen blir rapporterte til Kystverket, og årsakene blir undersøkte.

Akutte oljeutslepp kan skade fisk, sjøpattedyr, sjøfugl og strandsoner. I Noreg har dei fleste alvorlege akutte utsleppa skrive seg frå skip nær kysten.

## Faktaboks 4.2 Oljevernberedskap

I Noreg er beredskapen mot akutt forureining bygd opp av privat beredskap, kommunal beredskap og statleg beredskap. Samferdselsdepartementet, ved Kystverket, har ansvaret for å koordinere den samla nasjonale oljevernberedskapen og den statlege beredskapen mot akutt forureining. Miljøverndepartementet har ansvar for å stille krav til beredskap mot akutt forureining i kommunar og private verksemder. Miljødirektoratet godkjenner beredskapsplanar og kontrollerer at krava blir følgde.

Oljeselskapa ved operatøren er ansvarlege for å ta seg av akutte hendingar som skriv seg frå eiga verksemd, med beredskap som er dimensjonert for dette. Norsk Oljevernforening For Operatørselskap (NOFO), der eigarane er ei rekke selskap som er rettshavarar på den norske sokkelen, har i tillegg etablert regionale planar som tar omsyn til forsterking av havgåande beredskap og beredskap ved kysten og i strandsona. NOFO administrerer og held oppe ein beredskap som inkluderer personell, utstyr og fartøy. NOFO har fem basar langs kysten: Stavanger, Mongstad, Kristiansund, Træna og Hammerfest. I tillegg er det på nokre felt plassert ut NOFO-utstyr permanent. NOFO har totalt 16 oljevernsystem og gjennomfører felles øvingar kvart år.



# LEVERANDØRINDUSTRIEN

5



Plattformdekket til Gudrun-feltet klart til utseiling frå Aibels verft i Haugesund juli 2013  
(Foto: Harald Nordbakken/Haugesunds Avis)

I Noreg har vi i dag ein høgkompetent og internasjonalt konkurransedyktig leverandørindustri utvikla gjennom meir enn 40 år med petroleumsverksemd i Noreg. Dette har vore ein målretta politikk. Den spesialiserte og teknologiintensive leverandørindustrien bidrar til ein kunnskapsbase som heile samfunnet kan dra nytte av i framtida, og sysselsette direkte om lag 125 000 personar i 2012<sup>1</sup> fordelt på alle fylke i landet.


## Utvikling og sysselsetting

Tøffe værforhold i Nordsjøen, eit strengt regelverk og krevjande operatørselskap er blant faktorane som kan forklare framveksten av ein teknologisk verdsleialeverandørindustri. Norsk sokkel har fungert som eit teknologilaboratorium med utvikling av innovative løysingar som resultat. Utnyting av ressurspotensalet på sokkelen er ein viktig føresetnad for vidare forskingsaktivitet, kompetansebygging og for industrien sitt høve til å styrke konkurransekrafta. Norsk sokkel er i dag verdas største offshoremarknad og gir dermed norske leverandørar ein stor heimemarknad og grunnlaget for sysselsetting i alle landets 19 fylke.

Av dei 125 000 direkte sysselsette har om lag 26 000 fast arbeidsstad offshore. Til samanlikning jobbar omkring 27 000 personar i operatørselskapa i Noreg.

## Omsetning

Den norske leverandørindustrien omsette i 2012 for 461 mrd. kroner<sup>2</sup> og er Noregs største næring etter salet av olje og gass. Leverandørindustrien omfattar her selskap som leverer olje- og gassrelaterte produkt eller tenester til oppstraums olje- og gassindustri, enten direkte til oljeselskapa eller til andre leverandørbedrifter. Norske datterselskap i Norge av internasjonale selskap er også inkludert.



**Figur 5.1** Sysselsette i norske leverandørselskap i 2012 (i tusen). (Eks. offshore, representert med ein sirkel per region)  
(Kjelde: Rystad Energy)

<sup>1</sup> Erik Vatne, SNF, 02/13. Den spesialiserte leverandørindustrien til petroleumsvirksomhet. Omfang og geografisk utbredelse i Norge. Sjå også Rystad Energy, oktober 2013. «Aktiviteten i den petroleumsrettede leverandørindustrien i landets ulike regioner». Rapport utført på oppdrag frå Olje- og energidepartementet.

<sup>2</sup> Rystad Energy, november 2013. «Internasjonal omsetning fra norske oljeserviceselskap». Rapport utført på oppdrag frå Olje- og energidepartementet. Sjå side 6 for definisjon av selskap og marknad.


## Leveransar i heile verdikjeda

Leverandørindustrien består i dag av fleire enn 1300 selskap i heile verdikjeda: Frå seismikk og boreriggsutstyr, via ventilar, mutrar og slangar til verftsindustri, avanserte offshore supply- og servicefartøy og undervasssteknologi.

Leverandørindustrien er til stades i nær sagt heile landet. Stavanger-regionen er på mange måtar eit spegelbilete av Noreg: Regionen er den som sysselsett flest innanfor olje og gass og representerer eit breitt spekter av varer og tenester til oppstraumsaktiviteten. Elles i landet ser ein typisk fleire selskap innanfor geografisk avgrensa områder og innan same segment. I Oslo-området ser vi ein konsentrasijsjon av seismikselskap, i tillegg til eit veletablert engineering-miljø. Trondheim står sterkt i forsking- og utdanningssamanhang medan Bergensregionen har blitt eit senter for vedlikehald av plattformer og undervassutstyr.

Nokre geografiske selskapskonsentrasjonar er også formalisert gjennom Innovasjon Noregs klyngeprogram «Norwegian Centres of Expertise» (NCE):

- NCE Systems Engineering på Kongsberg og NCE Subsea i Bergen som begge er retta mot undervessegmentet.
- NCE NODE på Sørlandet som er verdsleiane på boreteknologi, bygd på kompetansen frå skipskrane og hydraulikk og utvikla gjennom fleire tiår.
- NCE Maritime på Nordvestlandet som representerer eit komplett skipsbyggings- og skipsutstyrsnettverk for mellom anna avanserte offshorefartøy.



Figur 5.2 Mangfaldet i norsk leverandørindustri: Skisse over eit felt i utbygging og drift

## Internasjonal suksess


Av totalomsetninga på 461 mrd. kroner i den norske baserte leverandørindustrien kjem omkring 40 prosent frå internasjonale marknader, det vil seie om lag 186 mrd. kroner. Sidan 2006 har omsetninga internasjonalt vokse med om lag 11 prosent årleg. Segmentet rigg- og boretenester har den største omsetninga internasjonalt. Nesten like stort er segmentet topside- og prosessutstyr etterfølgd av undervassutstyr og -installasjon.

Dei 5 viktigaste marknadene i 2012 var Sør-Korea, Storbritannia, Brasil, USA og Singapore, jf. figur 5.3. Dei 20 største selskapa omsette for rett over 143 mrd. kroner internasjonalt i 2012, altså kring tre fjerdedeler av den totale internasjonale omsetninga til norske baserte leverandørselskap. Desse 20 selskapa hadde til saman-

likning kring 69 mrd. kroner i omsetning i Noreg i 2012. 68 prosent av inntekta deira kjem med andre ord frå internasjonal verksemeld. Dei resterande bedriftene har ei omsetning i Noreg på 206 mrd. kroner og dermed ein internasjonal del på 17 prosent.

I 1997 etablerte styremaktene og industrien stiftelsen INTSOK med mål om å styrke det langsigktige grunnlaget for verdiskaping og sysselsetting i norsk olje- og gassindustri. INTSOK er regjeringas viktigaste verkemiddel for internasjonalisering av olje- og gassindustrien.

Talet på sysselsette, stor geografisk utbreiing nasjonalt og ein plass i den internasjonale eliteserien for petroleumsretta leveransar er gode bevis på at den langsigktige satsinga på å byggje opp ein sterkt norskbasert leverandørindustri har bore frukt. I sum tyder dette også på at petroleumslova blir følgt: Ressursane på sokkelen skal forvaltas i eit langsigktig perspektiv slik at dei kjem heile det norske samfunnet til gode, mellom anna gjennom å sikre sysselsetting og styrke norsk næringsliv og industriell utvikling.



Figur 5.3 Internasjonal omsetning 2012, 25 største land (Kjelde: Rystad Energy)


### Faktaboks 5.1

**Sør-Korea**, som ein ikkje tenkjer på som ein typisk petroleumsprovins, er den viktigaste marknaden målt i omsetning. Det kjem av norske leveransar, i hovudsak av plattformdekk- og prosessutstyr, inkludert borepakkar, til koreanske verft.

Omsetninga i **Storbritannia** fordeler seg på ei større breidde av produktsegment, medan **Brasil** er prega av høg omsetning i relativt få segment: Rigg og boretenester, transport og logistikk (i hovudsak utelege av skip) og undervassutstyr og -installasjon.

# FRAMTIDA FOR PETROLEUMSVERKSEMDA

6



Installering av utstyr for havbotnkompresjon på Åsgardfeltet i Norskehavet. Dette er nyskapande teknologi som vil føre til vesentleg økning i gass- og kondensatproduksjonen på feltet

(Foto: Øyvind Hagen, Statoil)

Med utsikter til god aktivitet på norsk sokkel framover, vil petroleumsnæringa også i lang tid framover vere Noregs største og viktigaste næring. Av det ein reknar med er dei totale utvinnelege ressursane på norsk kontinentalsokkel, er 44 prosent henta opp av bakken. Utviklinga av resten av ressursane vil gi stor verdiskaping i Noreg. Kontinuerleg satsing på kunnskap og teknologi vil vere sentralt for at vi skal lukkast med dette. I dette kapittelet gjer vi greie for kva rolle forsking og utvikling spelar og for framtidsutsiktene for den norske petroleumsverksemda.

## Forsking i olje- og gassverksemda

Ein hjørnestein i forvaltinga av Noregs petroleumsressursar er kunnskap og teknologi. Gjennom forsking og utvikling, utbygging og drift har det siden starten av petroleumsverksemda blitt arbeidd for å finne gode løysingar. I dag har Noregs petroleumssektor brei og tung kompetanse, eit stort tilfang av ny teknologi, og er i stand til å takle store og komplekse utfordringar. Vidare forsking og utvikling er naudsynt for å halde oppe og vidareutvikle kompetansen, og departementet stimulerer til dette gjennom forskingsprogram og strateginettverk.

Ny teknologi har vore viktig for å oppnå ei optimal og miljøvennleg utnytting av ressursane på den norske kontinentalsokkelen. Gode rammevilkår frå styresmaktene har gitt selskapa incentiv til å drive forsking og utvikling. Eit tett samarbeid mellom oljeselskap, leverandørbedrifter og forskingsinstitusjonar har vore ein føresetnad for denne utviklinga. Leverandørindustrien i Noreg har også med teknologi som er utvikla på norsk sokkel, skaffa seg ein konkurranseførdel internasjonalt.

I dag står ein framfor fleire nye utfordringar. Funna og utbyggingane er mindre enn tidlegare. Ressursane som er igjen i felta, er meir krevjande å produsere enn dei som allereie er produserte. Derved blir det vanskelegare for enkeltprosjekt å finansiere teknologiutvikling. Aktørane på norsk sokkel og staten som ressурсeigar må framleis satse på forsking og utvikling. Figur 6.1 viser korleis departementet er involvert i petroleumsforskinga i Noreg.

For å kunne møte utfordringane som følgjer med ei effektiv og forsvarleg petroleumsverksemd, blei strategien *OG21 – Olje og gass i det 21. hundreåret* etablert på initiativ av Olje- og energidepartementet i 2001. OG21 har greidd å få oljeselskap, universitet, forskingsinstitusjonar, leverandørindustrien og styresmaktene til å samle seg om ein felles nasjonal teknologistrategi for olje og gass, jamfør [www.OG21.no](http://www.OG21.no). Strategien er revidert fleire gonger, sist i 2012.

Det offentlege gir incentiva til forsking og teknologiutvikling hovudsakleg gjennom det regulatoriske rammeverket og direkte løyingar til Forskningsrådet. Løyingane til Forskningsrådet går først og fremst til forskningsprogramma PETROMAKS 2 og DEMO 2000, og to forskingssenter. Programma og dei to sentra skal medverke til å nå måla ein har sett gjennom OG21-strategien.

## PETROMAKS 2

PETROMAKS 2 støttar eit breitt spekter av prosjekt, frå grunnforskning på universiteta til innovasjonsprosjekt i industrien. PETROMAKS 2 har eit heilskapleg ansvar for forsking som leier til best muleg forvaltning av dei norske petroleumsressursane og ei framtidssetta næringsutvikling i sektoren. Ved inngangen av 2014 hadde programmet ei portefølje på om lag 167 prosjekter. I tillegg finansierer programmet mange forprosjekt hos små og mellomstore bedrifter for å stimulere til meir innovasjon hos leverandørindustrien. Programmet har eit årleg budsjett på om lag 260 millionar kroner. PETROMAKS 2 er eit viktig verkemiddel for å fremje langsiktig forsking og kompetanseutvikling, og vil ha eit stort fokus på utdanning i programperioden, mellom anna gjennom finansiering av doktorgrader. Programmet har ei brei internasjonal kontaktflate, mellom anna med Nord-Amerika, Russland og Brasil.

## DEMO 2000

DEMO 2000 er eit viktig verkemiddel for å teste ut nye teknologiløysingar i petroleumsnæringa. Programmet har som mål å redusere kostnader og risiko for industrien ved å gi støtte til pilotprosjekt og demonstrasjon. DEMO 2000 fungerer som ein samarbeidsarena mellom oljeselskap og leverandørbedriftene, og er spesielt viktig



**Figur 6.1** Olje- og energidepartementets involvering i petroleumsforskinga (Kjelde: Norges forskningsråd)

for leverandørane. Programmet er ope for alle norske verksemder som leverer teknologi til oljeselskapa på norsk sokkel. Programmet har to årlege utløysingar og støttar prosjekt som tilfredsstiller krava i teknologistrategien som er utmeisla av OG21. Den årlege prosjektstøtta er på om lag 60 millionar kroner og utgjer 25 prosent av totalkostnadene i prosjekta. Ved inngangen av 2014 var det om lag 43 aktive prosjekt i porteføljen.

## PETROSENTER – Forskingssenter for petroleum

I 2013 blei det oppretta eit forskings- og kompetansesenter innanfor arktiske utfordringar ved Universitet i Tromsø. Målet med etableringa er å bygge opp eit forskingsmiljø av høg kvalitet som er relevant for oljenæringa i nord og i arktiske strøk. Senteret blir finansiert av Olje- og energidepartementet og Utanriksdepartementet.

Det blei også oppretta eit forskingssenter for auka utvinning ved Universitet i Stavanger. Det nye senteret skal bidra til næringsretta forsking, forskarutdanning og langsiktig kompetansebygging for auka utvinning på norsk sokkel. Det skal også leggjast til rette for samarbeid mellom industrien og forskingsmiljøa slik at nye løysingar raskt kan takast i bruk. Forbetring av eksisterande og utvikling av ny utvinningsmetodikk er sentrale satsingsområde.

Sentra vil vere i full drift frå 2014 og opp til åtte år framover, med evaluering midtvegs.

## Andre forskingsprogram


Fleire andre forskingsprogram med relevans for petroleum får offentleg støtte. ProofNy, eit delprogram under Havet og kysten, er retta mot forsking på langtidsverknader på sjø som følge av petroleumsverksemda. PETROSAM 2 støttar samfunnsvitskapleg petroleumsforskning. Forskningsrådet har også opprettet ei rekke Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) og Senter for framifrå forsking (SFF). Fleire av desse sentra har relevans for petroleumsindustrien, mellom anna FACE innan fleirfaseforskning ved SINTEF/IFE, Senter for integrerte operasjoner ved NTNU, Senter for bore- og brønn teknologi for økt utvinning ved IRIS (i samarbeid med SINTEF), Senter for arktisk og maritim forsking ved NTNU, AMOS innan regulerings- og marinteknikk ved NTNU og CAGE innan gasshydrat i arktiske strøk ved Universitet i Tromsø. Sentra for forskingsdriven innovasjon kan få støtte i opptil åtte år, og sentra for framifrå forsking kan få støtte i opptil ti år.

## Ei næring for framtida

Dei nærmaste ti åra er det venta at produksjonen på norsk sokkel vil vere relativt stabil og muleg litt aukande. Årsaka til dette er mellom anna at store felt som Johan Sverdrup og Johan Castberg kjem i produksjon, men også bidrag frå andre mindre felt som skal byggjast ut framover. Forholdet mellom produksjon av gass og olje, inklusive NGL og kondensat, er venta å halde seg noko-lunde jamt dei nærmaste åra. På lengre sikt er talet og storleiken på nye funn avgjeraende for produksjonsnivået.

Mange av våre gamle felt som ennå er i produksjon, har store attverande reserver. Ressursgrunnlaget aukar også ved at små omkringliggende funn blir tilknytte desse felta. Aktiviteten på produserande felt vil difor vere høg framover og dei vil stå for mesteparten av produksjonen dei nærmaste åra. Samstundes er det høve til å auke ressursutnyttinga på mange av dessa felta ut over det som er planlagt i dag. Det er i dag om lag 165 prosjekt underveis med mål om å auke ressursutnyttinga. At vi evnar å auka utvinninga frå eksisterande felt, effektivisere drifta og gjere nye drivverdige funn som kan knytast til eksisterande infrastruktur vil vere avgjeraende for om vi greier å utnytte ressurspotensialet i modne område framover.

I dag er 13 felt under bygging på norsk sokkel og myndighetene ventar å motta plan for utbygging og drift (PUD) på endå 13 felt dei nærmaste åra. Utover desse prosjekta er det 75 funn som blir vurderte for utbygging. Dei fleste av desse er små. Majoriteten av dei funna som har hatt potensial for sjølvstendige utbyggingar er i dag enten realisert eller i planleggingsfasen. For å sikre jamm aktivitet framover er ein avhengig av at det jamleg blir gjort nye drivverdige funn. Dette krev at leiteaktiviteten blir halde oppe.



**Figur 6.2** Produksjonsprognose for olje og gass  
(Kjelde: Oljedirektoratet/Olle- og energidepartementet)

Det største enkeltprosjektet for norsk sokkel framover er Johan Sverdrup-feltet, som ligg på Utsirahøgda i Nordsjøen. Dette er det femte største feltet som har vore oppdaga på norsk sokkel. Om 10 år er det venta at Sverdrup-funnet vil stå for om lag 25 prosent av norsk oljeproduksjon. Samstundes er det gjort andre vesentlege funn på Utsirahøgda. Ivar Aasen- og Edvard Grieg-felta er nå under utbygging. Basert på dagens utbyggingsplanar, er dei totale ressursar i desse felta 365 mill Sm<sup>3</sup> o.e.

Sverdrup-funnet og dei andre felta viser at modne område på norsk sokkel inneholder store uoppdaga verdiar. Dette har bidratt til at interessa for TFO-rundane er høg. Tildelingane i siste TFO-runde blei rekordhøge, med totalt 65 nye utvinningsløyve fordelt på 48 selskap. 38 av desse er i Nordsjøen, 19 er i Norskehavet og 8 er i Barentshavet.

Ein stor del av dei attverande ressursane på norsk sokkel er lokalserte i umodne områder. Umødne områder blir mellom anna kjenreteikna av lite utbygd infrastruktur og ukjend geologi. Nye produksjonsinnretningar og ny infrastruktur både på land og til havs krev vesentlege reservar som kan rettferdigjere store investeringar. Før infrastruktur i umodne områder er på plass vil ikkje mindre felt bli utnytta. For at dette skal skje krevst det at det blir lagt til rette for leiting, at næringa har gode rammevilkår og det blir gjort nok driv-

ferdige funn. Det mest spennande funnet i umødent område dei seinaste åra er Johan Castberg-funnet i Barentshavet, som ennå er i planleggingsstadiet.

Det blei i 2013 begynt på 59 leitebrønnar, og dette er på eit høgt nivå historisk. Totalt resulterte dette i 20 funn på norsk sokkel. Totale leitekostnader var om lag 37 mrd. kroner i 2013, og det er venta at leitekostnadene vil vere om lag 34 mrd. framover, målt i 2013-kroner. God tilvekst av funn dei siste åra og generelt stor interesse frå selskapa på både modent og umødent areal legg til rette for kontinuitet og eit jamt aktivitetsnivå framover.

Investeringskostnadene framover vil vere relativt stabile. Ser ein bort frå leiting vil investeringskostnadene utgjere om lag 170-180 mrd. årleg fram mot 2018. Investeringar knytt til Johan Sverdrup vil utgjere ein vesentleg del av desse dei nærmaste åra.

I sum vil næringa framover vere prega av ein kombinasjon av at store nye felt kjem i produksjon, gamle funn blir funne lønnsame å bygge ut og at produksjonen blir forlengt på dei gamle felta. Samstundes blir det leitt mykje i nye interessante område. Med utsikter til eit høgt aktivitetsnivå framover vil petroleumsverksemda også i overskodeleg framtid vere Noregs største og viktigaste næring.

# VEDLEGG



Vestbase, Kristiansund  
(Foto: Harald Pettersen – Statoil)

# VEDLEGG 1

## Historisk statistikk

Tabell 1.1 Statens inntekter fra petroleumsverksemda (mill. kr)

År	Ordinær skatt	Særskatt	Produksjonsavgift	Arealavgift	Miljøavgifter	Netto kontantstraum SDØE	Utbytte Statoil
1971			14				
1972			42				
1973			69				
1974			121				
1975			208				
1976	1 143	4	712	99			
1977	1 694	725	646	57			
1978	1 828	727	1 213	51			
1979	3 399	1 492	1 608	53			
1980	9 912	4 955	3 639	63			
1981	13 804	8 062	5 308	69			0,057
1982	15 036	9 014	5 757	76			368
1983	14 232	8 870	7 663	75			353
1984	18 333	11 078	9 718	84			795
1985	21 809	13 013	11 626	219		-8 343	709
1986	17 308	9 996	8 172	198		-11 960	1 245
1987	7 137	3 184	7 517	243		-10 711	871
1988	5 129	1 072	5 481	184		-9 133	0
1989	4 832	1 547	7 288	223		755	0
1990	12 366	4 963	8 471	258		7 344	800
1991	15 021	6 739	8 940	582	810	5 879	1 500
1992	7 558	7 265	8 129	614	1 916	3 623	1 400
1993	6 411	9 528	7 852	553	2 271	159	1 250
1994	6 238	8 967	6 595	139	2 557	5	1 075
1995	7 854	10 789	5 884	552	2 559	9 259	1 614
1996	9 940	12 890	6 301	1 159	2 787	34 959	1 850
1997	15 489	19 582	6 220	617	3 043	40 404	1 600
1998	9 089	11 001	3 755	527	3 229	14 572	2 940
1999	5 540	6 151	3 222	561	3 261	25 769	135
2000	21 921	32 901	3 463	122	3 047	98 219	1 702
2001	41 465	64 316	2 481	983	2 862	125 439	5 746
2002	32 512	52 410	1 320	447	3 012	74 785	5 045
2003	36 819	60 280	766	460	3 056	67 482	5 133
2004	43 177	70 443	717	496	3 309	80 166	5 222
2005	61 589	103 294	360	224	3 351	98 602	8 139
2006	78 015	133 492	42	2 308	3 405	125 523	12 593
2007	70 281	116 233	0	764	3 876	111 235	14 006
2008	88 802	150 839	0	1 842	3 684	153 759	16 940
2009	61 501	103 733	0	1 470	2 262	95 339	15 489
2010	58 830	96 779	0	1 373	2 186	104 053	12 818
